

Utanfor gjerdet finn me sentrum, parkar, strender og båtliv. Me nyttar Orrehaugen, grusbanen/trialbanen, fotballbanen, området rundt kyrkja, dei ulike kommunale leikeplassane, Movatnet, Steinsdalsfossen, Sandvenlia, gapahuken og lavvoen.

**Stolt over:** Me er stolte over eit nytt barnehagebygg som ligg fint til. Me har gode tilsette og mange nøgde born og foreldre. Me er stolt over at den eksterne vurderinga konkluderer med at me er gode på å sjå kvart barn, at me skapar trygge og gode kvardagar for borna, og at me tek oss tid til å lytta, samtala og anerkjenna kvart barn.

**Område me ynskjer å utvikla vidare:** Me ynskjer å jobba vidare med å vidareutvikla satsingsområda våre. I det arbeidet ligg det og å utarbeida ein god progresjonsplan. Me ser at me treng å verta betre på å få ein «Me»-kultur i barnehagen. Med det meiner me at me treng bruka tid på at alle dei tilsette får ei felles haldning til og oppfatning av kva me står for, og kva legg me vekt på, eit felles barnesyn og rutinar.

## Tørvikbygd barnehage



Rammefakta frå barnehagen 01.12.21		Personalressursar 01.12.21	
Barnehagen starta opprinneleg	1985 i Ståvikjø	Pedagogar inkl.styrar (årsverk)	2,6
Sist renovert/nybyggd	Nybygg aug.16	Barnehagelærar på disp (årsverk)	1
Tal avdelingar / base	3 avd, 2 i drift	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	15 barn	Tal menn / kvinner	0/5

**Visjon:** Gode barndomsminne og livsglede. Verdifull bagasje på livsreisa.

**Hovudmål:** Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

**Satsingsområde:** Leikbasert læring, språk, sosial kompetanse, vennskap og inkludering.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Me brukar LP som verktøy til å verta ein betre barnehage, både relasjonelt, men også kvalitetsmessig inn i rutinesituasjonar. Barnehagen jobbar kontinuerleg med refleksjon for å utvida kompetansen sin.

**Kompetanse me har:** Barnehagen har gode, stabile og erfarne tilsette der alle har utdanning som pedagogar eller er fagarbeidarar. Barnehagen har tilsette som har god kunnskap om kosthald og sunn mat. Me har stort fokus på matauke og det og dyrke vår eigen mat. Borna får vere med i alle deler av prosessen. Barnehagen har kompetanse på avspenning og yoga. Det er god kompetanse på planting og dyrking av både grønnsaker og bær. Me har vaksne som er glad i å syngja noko borna har stor glede av. Å syngja er noko me alltid har lyst å gjera meir av. Barnehagen er i år tildelt midlar for å ha ekstern vurdering.

**REKOM:** Vurderingstema til barnehagen: *“Tørvikbygd barnehage jobbar heilskapleg og systematisk for å skapa eit trygt og inkluderande barnehagemiljø”*. Barnehagen har nyleg gjennomført ekstern vurdering og planlegg for oppstartsmøte med Høgskulen innan utgangen av juni. Rapporten er presentert for SU representantar, eigar og personale.

**Kompetanse me treng:** Metreng å utvida kompetanse og gje oss sjølve handlingsrom til å utvikla språkmiljø og det fysiske miljø som den tredje pedagogen – korleis utnytta den mogelegheita meir? Dette med å vere tett på i situasjonar i lag med born, det å delta i leiken som støttande stillas. Dette treng me å verta betre på.

**Uteområde/nærmiljø.** Borna i barnehagen vår har gode motoriske ferdigheiter. Me har eitt flott variert uteområde med naturhaugar med gode utfordringar med skog, natur, asfalt og bakkar med lett tilgjengeleg turområde. Kort veg til fiskevatn, sjø og fjøra, fjell og stølar, sklibakkar og leveområde.

**Stolt over:** Me er stolt av at barnehagen er ny og fin og har ein fantastisk uteleikeplass. Me har eitt godt foreldresamarbeid der foreldre engasjerte i og er stolte over barnehagen sin. Personalet er fleksible og tilpassingsdyktige, og det er føresette også. Me ser på utfordringar som ein moglegheit meir enn eit problem. Våre pedagogiske leiarar er fagleg gode og er lette å få til å halda faglege innlegg. Me har vassleikerom, hengjekøyer til kvil og avslapping, 2 telt lavvoar, flott skog og naturleikeplassar i umiddelbar nærleik og smarttavle som vert brukt både saman med borna og til personalet.

**Område me ynskjer å utvikla vidare:** Barnetalet i Tørvikbygd har gått ned dei siste åra. Å organisera barnegruppa på ein god måte er utfordrande og me skiftar stadig på kva avdeling det er mest hensiktsmessig å bruka. Dette krev høg grad av fleksibilitet hos tilsette, men også av føresette – noko me er veldig glad for at det er. Ulempen er at me får ikkje bygd opp avdelingane til å verta inspirerende og estetiske, då me skiftar ofte på kva aldersgruppa som skal vera i dei ulike romma. Tilsette får heller ikkje «eigarforhold» til «si avdeling» - og på eine avdeling er det mykje “gjennomgangstrafikk” som gjere at ein ikkje får den roen ein skulle ynskt.

Ein ide som kjem opp innimellom er; kunne me ha spesialisert oss på ein pedagogisk retning td Steinerbarnehage eller Montessorri barnehage, hatt ei fast uteavdeling. Då kunne me mogleikens trekt til oss fleire barn/føresette som ynskte noko særskilt.

Barnehagen er ny og har mange mogelegheiter til utvikla seg på og verta ein supergod barnehage med høg kvalitet, men me treng fleire born! Me merkar oss at små born som startar hjå oss har ein god og roleg tilvenning, der tempo, aktivitet og kvile er tilpassa dei små. Fleire born gjev også fleire vaksne, då vert fagmiljøet større og me får fleire perspektiv på kva som er den beste kvaliteten, som igjen gjev oss best mogelegheit for å utvikla oss som ein lærande organisasjon.

## Strandebarm barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.21		Personalressursar 01.12.20	
Barnehagen starta opprinneleg	16.10.1979	Pedagogar inkl styrar (årsverk)	6,5
Sist renovert/nybygd	2017	Barnehagelærer på disp (årsverk)	0,5
Tal avdelingar / base	4 avd.	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	53	Tal menn / kvinner	2 / 18

**Visjon:** Me skaper gode barndomsminne og livsglede.

**Hovudmål:** Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

**Satsingsområde for barnehagen:** Me vil jobba med gode leikemiljø som inspirera til leik. *“Her vil eg vera, her vil eg leika”*. Leik er livskvalitet, meistring, glede og det viktigaste i borna sitt liv.

For dei eldste borna er satsingsområde *“Leikbasert læring”*, med fokus på trygge, varme relasjonar i arbeid med områda: sosialkompetanse, sjølvregulering, språk og matematikk.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Me jobbar med fokus på relasjonen mellom vaksne og barn. Det er alltid dei vaksne sitt ansvar at relasjonen er god - at dei vert sett, høyrte, anerkjent og få den omsorga dei treng.

Barnehagen vil vera med å bidra til at dei kan utvikla tillit til seg sjølv og omverda. Me vil ha vaksne som er tett på borna. Blåhaugen er ein del av uteområdet vårt, der det er naturleikeplass for born i alle aldrar. Barnehagen ligg på Tangerås, med nærleik til både skog og sjø, naust, skule, bibliotek, idrettspark og basseng. Borna som går i barnehage bur i område: Mundheim - Ljones.

**Kompetanse me har/treng:** Me har barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar. Alle har sine felt dei er gode på. Me har i nokon år jobba med å laga miljø som inspirerer til leik, dette ynskjer me å bli endå betre på.

**Stolt over:** Me har eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeid i personalet med løysingsfokus, der me hjelper kvarandre og gjer kvarandre gode.

**Område me ynskjer å utvikla vidare:** Me ynskjer å jobba vidare med å vidareutvikla satsingsområda våre. Me vil jobbe vidare med å lage gode leikemiljø for borna våre. Me vil jobbe med å vera gode vaksne som anerkjenner borna sine kjensler og sikrar eit trygt og godt barnehagemiljø.

## Sandven FUS barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.21		Personalressursar 01.12.20	
Barnehagen starta opprinneleg	August 2009	Pedagogar inkl styrar (årsverk)	10
Sist renovert/nybygd	November 2010	Barnehagelærer på disp (årsverk)	0
Tal avdelingar / base	2 basar/ 5 avdelingar	Tal born pr. vaksen	5,9
Tal born	87	Tal menn / kvinner	1 mann 23 kvinner

**Visjon:** «Saman gjev me barndomen verdi: Vennskap, leik og glede, - og kvardagsmagi»

**Våre verdiar:** Glødande – skapande – tilstadeverande

**Hovudmål:** FUS-barn har eit positivt sjølvbilette, er trygge, utforskande, trivst i leik og har vennekompetanse, gler seg til resten av livet og veit at dei har høve til å påverka og at innspela deira tel og har det kjekt i barnehagen.

**Satsingsområde for barnehagen:** Barnehagens profil er kunst, kultur og kreativitet.

Overordna mål for profilen vår er at barnehagen skal bidra til at barna får opplevingar som vekker ulike kjensler, samt gjev høve til å uttrykka seg estetisk ut i frå egne føresetnader.

Barnehagen sitt satsingsområde for 2021-2023 heiter «Oss og her me bur». Me ynskjer å stimulera til kunnskap og undring rundt eige og andre sine liv ved å ta utgangspunkt i det som finst rundt oss i kvardagen.

**Barnehagen som pedagogisk arena:** Me har 4 grunnpilarar i vårt pedagogiske arbeid; god kommunikasjon, bygga vennskap, eventyrlyst og leikekompetanse. I vårt pedagogiske arbeid skal me jobba for at barna skal få oppleva glede, bygga vennskap, vera profesjonelle og gode rollemodellar, ha kompetanse om leik, finna kvardagsmagi og sjå det beste i kvart enkelt barn.

**Fagleg satsing:** Barnet Først er namnet på den faglege satsinga til FUS-barnehagane, der me tek i bruk forskningsbasert metodikk for å anerkjenna, forstå og handla til det beste for barnet. Gjennom å fokusera på vaksenrolla, og heva relasjonskompetansen til dei tilsette, vert kvaliteten i barnehagen styrka. Me nyttar observasjonsverktøyet Classroom Assessment Scoring System (CLASS) og emosjonsrettleiingsprogrammet Tuning in to Kids (TIK).

**Kompetansen me har:** Isatsinga Barnet Først finn me 3 domene. Domenet «Sosioemosjonell støtte og veiledning» som handlar om positivt og negativt klima, sensitive vaksne – trygge barn, barns perspektiv og medverknad og emosjonskompetanse og emosjonsrettleiing (TIK) jobba vi med barnehageåret 20/21. Domenet «Læringsstøtte» som handlar om begrepsutvikling, forståing og dybdelæring, tilbakemeldingar, språkstøtte og eigenleing i leik og læring, jobbar me med inneverande barnehageår 21/22.

**Kompetanse me treng:** Domenet «Organisering og leiing» som handlar om gruppleiing og rettleiing, tilrettelegging for leik, læring og overgangar og variasjon. Dette domenet skal me jobba med

barnehageåret 22/23.

**Uteområde/nærmiljø:** Barnehagen sitt uteområde er 12 år og har etter kvart behov for noko utbetring. Me har fleire faste turplassar og 3-5 åringane har minimum 1 fast turdag kvar veke. Barnehagen har verkstad på barnehagens uteområde og grillhytta oppe i skråninga. Me har eige minibuss for å utforska faste og nye turplassar. I Tolomarka har barnehagen opparbeida eit eige område som me kallar for «Flyplassen».

**Stolt over:** Ein stabil og dyktig personalgruppe som er opptekne av utvikling., å arbeida med fagleg forskingsbasert satsing for alle FUS-barnehagane og å vera ein populær barnehage med ei fornøgd foreldregruppa.

## Oppsummering

Rådmannen vonar at tilstandsrapporten gjev eit inntrykk av korleis me driv barnehagane i Kvam herad, både lokalt i den einskilte barnehage, men også på overordna plan, som barnehageeigar og barnehagemynde. Den avspeglar både kva barnehagane jobbar med, analysar, utfordringar og ynskjer for vidare utvikling av tenestene. Heradsstyret er barnehageeigar, og for å gjera gode overordna val, er det viktig med god informasjon for å ha god styringsdialog.

I dei ulike barnehagane skjer det mykje godt arbeid, og me har engasjerte tilsette som skapar ein god kvardag for barna. Me vil verta endå betre på å skapa ein felles pedagogisk grunnmur og systemtenking. Dette krev tid og tolmod.

Barnehagesektoren ynskjer å ha fokus på fyljande område framover, der ein mellom anna skal få på plass endå betre system som er felles for alle dei kommunale barnehagane.

- Jobbar vidare med tiltak i samband med forvaltningsrevisjonen.
- Arbeida vidare med å utvikla og implementera felles system for alle kommunale barnehagar (satsingar, kompetanse, malar, skjema og liknande).
- Vidare satsing og implementering av «Sjå bornet innanfrå».
- Vidare opplæring og implementering av BTI og stafettlogg.
- Vidare opplæring og arbeid med kompetansepakkane til Udir og KS.
- Sikra alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø.
- Sikra barnehagane våre deltaking i Regional ordning for kompetanseutvikling Rekom.
- Vidareføra internt kurstilbod frå KFL til barnehagetilsette.
- Laga og prøva ut ny plan for rettleiing av nyutdanna i barnehage og skule i Kvam.
- Aukande fokus på synleggjering av barnehagetilboda våre.
- Laga ein digitaliseringsplan for barna i barnehagen.
- Laga ein plan for å sikre fleirspråklege barn eit godt tilbod i barnehagen.
- Arbeida aktivt for å redusera sjukefråværet og behalda personale i barnehagen gjennom KLP prosjektet.
- Arbeida for å rekruttera fleire til å ta fagbrev og barnehagelærarutdanning.

Kvart av punkta er i seg sjølv omfattande og har mange underpunkt. I tillegg til å utarbeida system, skal det implementerast i alle nivå.

Alle born skal oppleva livsglede og få gode barndomsminne frå barnehagekvardagen, samtidig som alle opplever eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei skal kjenna meistring og at dei tilsette, barn og føresette skal kjenna den kommunale barnehagen som ei eining.

## Vedlegg

Vedlegg 1: Handlingsplan med oppdateringar mai 2022 - oppfølging etter revisjon barnehage 2021

# Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam 2022

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Les om lovkravet: [§ 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling \(https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-3e\)](https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-3e)

## Personvern

Tal som blir lasta inn kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

## Innhald

<b>1. Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>2. Elevar og lærarar</b> .....	<b>5</b>
2.1. Tal elevar og lærarårsverk .....	5
2.2. Lærartettleik.....	6
<b>3. Læringsmiljø</b> .....	<b>8</b>
3.1. Elevundersøkinga .....	8
3.2. Mobbing på skulen (prosent) .....	10
<b>4. Nasjonale prøvar</b> .....	<b>12</b>
4.1. Nasjonale prøvar 5. trinn .....	12
4.1.1. Rekning .....	12
4.1.2. Lesing.....	13
4.1.3. Engelsk .....	13
4.2. Nasjonale prøvar ungdomstrinn .....	15
4.2.1. Rekning .....	15
4.2.2. Lesing.....	16
4.2.3. Engelsk .....	17
<b>5. Karakterer og grunnskulepoeng</b> .....	<b>18</b>
5.1. Standpunktkarakterar .....	18
5.1.1. Norsk .....	18
5.1.2. Engelsk .....	19
5.1.3. Matematikk .....	20
5.2. Grunnskulepoeng .....	21
<b>6. Gjennomføring</b> .....	<b>22</b>
<b>7. Ein skule for alle</b> .....	<b>23</b>
7.1. Trygt og godt skulemiljø .....	23
7.2. Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020 (LK 20) .....	24
7.3. Kompetanse .....	25
7.3.1. Tilsetjing .....	25
7.3.2. Vidareutdanning .....	26
7.3.3. Kurs .....	27
7.3.4. DEKOM.....	28

7.3.5. Oppfølgingsordninga .....	28
7.4. Inkludering .....	30
7.4.1. Støttesystem .....	30
7.4.2. Spesialundervisning .....	30
7.4.3. Særskild norskopplæring .....	31
7.5. SFO.....	32
7.6. Prosjekt .....	32
<b>8. Tverrfagleg samarbeid .....</b>	<b>33</b>
8.1. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) .....	33
8.2. Betre tverrfagleg innsats (BTI) .....	34
<b>9. Organisasjonsutvikling .....</b>	<b>34</b>
<b>10. Innblikk kvar skule 2020/21 .....</b>	<b>35</b>
10.1. Vaksenopplæringa .....	35
10.2. Strandebarm skule .....	36
10.3. Tørvikbygd skule .....	37
10.4. Norheimsund skule .....	38
10.5. Øystese skule .....	40
10.6. Ålvik skule .....	41
10.7. Kvam ungdomsskule .....	42
10.8. Tilstandsrapport Norheimsund friskule .....	43
<b>11. Konklusjon.....</b>	<b>45</b>

# 1. Samandrag

For å samanlikna kommunar har SSB gruppert kommunane etter innbyggjartal, bundne kostnader og frie inntekter. Kvam tilhøyrrer kommunegruppe 5. Tal henta frå GSI (Grunnskulen sitt informasjonssystem)

- Kvammaskulane har 990 elevar
- 67,06 årsverk til ordinær undervisning
- 17,5 årsverk til fagarbeidarar/assistentar/sosialfagleg i skulen
- 21,75 årsverk til spesialundervisning
- 11,40 årsverk er til administrative og pedagogiske leiaroppgåver

Rapporten viser fleire resultat som er i tråd med dei lokale måla til skuleeigar. Mange elevar melder at dei trivst og har ein god skulekvardag. Elevar melder også om låg motivasjon, særleg i ungdomsskulen. Samla er det ei spreiding i resultat på nasjonale prøvar, lågare grunnskulepoeng, og det vert meldt om mobbing på nokre skular. Dette må takast på alvor og er bakgrunnen for at Kvam herad har takka ja til å vera med i Oppfølgingsordninga dei komande tre skuleåra.

Kvam herad ynskjer å ha fokus på den ordinære undervisninga. Ved å styrka den ordinære undervisninga, vil det leggjast betre til rette for at kvar einskild elev får den tilpassa opplæringa han har krav på. Med god ordinær undervisning og ved å nytta støttesystemet, er målet at talet på timar til spesialundervisning går ned.

Skulen har vore prega av pandemi. Dette har særleg gjeve utslag i høgt sjukefråvær. I periodar har det vore svært vanskeleg å halda oppe ei normal drift. Det var vore utfordrande å skaffa nok vikarar.

I tillegg til at læreplanen framleis er ny, er det også både kommunale og nasjonale planar, samt ei rekkje rutinar som det tek tid å implementera. Forsking om endring og utvikling viser at systematisk og strukturert arbeid over tid er naudsynt for å oppnå resultat.

## 2. Elevar og lærarar

### 2.1. Tal elevar og lærarårsverk

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

#### Lokale mål:

Skulane har eigna tilsette med god klasseleiing, struktur, elevsyn og relasjonskompetanse. Alle lærarane har godkjenning i faga dei underviser i, i samsvar med kompetansekrava i Rundskriv- 3- 2015.

Dei som i dag gjer seg nytte av overgangsordningane som gjeld til 2025, har godkjend utdanning i faga dei underviser i når overgangsperioden er over.

### Kvam kommune (EIGAR) | Tal elevar

Skoleår	Antall elevar
2021-22	990
2020-21	1 011
2019-20	1 024

Kvam kommune (EIGAR), Grunnskule, Tal elevar, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

### Skuleeigar si vurdering

Me er nógde med å ha eit godt utdanna undervisningspersonale. Skuleeigar opplever at det er mange søkjarar til Udir sine tilbod om vidareutdanning for lærarar. For skuleåret 2022/2023 var det 16 søkjarar, 13 av desse vart godkjende av skuleeigar, og alle 13 vart godkjende av Utdanningsdirektoratet. To avdelingsleiarar søkte skuleleiarutdanning (rektorskulen) og fekk tilbod. Kvam herad sine søkjarar (lærar/ avdelingsleiar) vart prioriterte fordi me takka ja til Udir si oppfølgingsordning.

Utfordringa vår er at me ikkje har nok ressursar eller folk som er kvalifiserte til vikararbeid gjennom skuleåret. Særleg har dette vore ei stor utfordring medan det har vore pandemi.


## 2.2. Lærartettleik

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

### Lokale mål


Maksimalt 15 elevar per lærar i ordinær undervisning på 1.-4. trinn og maksimalt 20 elevar på 5.-10. trinn. nasjonale retningslinjer.

### Kvam kommune (EIER) | Lærertetthet 1.-4. trinn | Geografisk sammenligning




Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

### Kvam kommune (EIER) | Lærertetthet 5.-7. trinn | Geografisk sammenligning



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

## Kvam kommune (EIER) | Lærertetthet 8.-10. trinn | Geografisk sammenligning



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

### Skuleeigar si vurdering

Det er stor skilnad mellom skulane i Kvam, mest grunna skulestruktur (elevtal mellom ca 30- 300), men og storleik på klasserom som krev klassedeling. Lokale mål er nådd.

## 3. Læringsmiljø

### 3.1. Elevundersøkinga

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

#### Lokale mål

Elevane frå Kvam skårar på landsgjennomsnitt eller høgare. Særleg på området elevdemokrati og elevmedverknad skal me verta betre.

#### Kvam kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 7. trinn | Egne tall



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

## Kvam kommune (EIGAR) | Elevundersøkinga 7. trinn | Geografisk samanlikning 2021/2022

Indikator	Kvam kommune (EIER)	Vestland	Nasjonalt	KOSTRA-gruppe 05
Elevdemokrati og medverknad	3,8	3,7	3,7	3,7
Læringskultur	4,1	3,9	3,9	3,9
Mestring	3,8	3,9	4,0	3,9
Støtte fra lærerne	4,3	4,3	4,3	4,4
Vurdering for læring	3,7	3,7	3,8	3,8

Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

## Kvam kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 10. trinn | Egne tall



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

## Kvam kommune (EIGAR) | Elevundersøkinga 10. trinn | Geografisk samanlikning 2021/2022

Indikator	Kvam kommune (EIER)	Vestland	Nasjonalt	KOSTRA-gruppe 05
Elevdemokrati og medverknad	2,8	3,3	3,4	3,4
Læringskultur	3,4	3,7	3,8	3,9
Mestring	3,6	3,9	3,9	3,9
Støtte fra lærarane	3,6	4,0	4,0	4,0
Vurdering for læring	2,6	3,2	3,3	3,3

Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

## Skuleeigar si vurdering

7. trinn resultat er samla i Kvam om lag dei same som nasjonalt, Vestland og kostragruppe 5, men samanlikna med eigne tal frå tidlegare år, ser me at det er noko svakare resultat enn dei to siste åra innanfor meistring, støtte frå lærarane og vurdering for læring.

10. trinn resultat viser nedgang på alle område i elevundersøkinga, og det er sett inn ulike tiltak på dei to offentlege ungdomsskulane:

- aktivitetar med medverknad frå elevrådet
- plan for tverrfaglege fagdagar knytt opp til tema frå overordna del i fagfornyinga og bruk av lokalsamfunnet
- motivasjon og praktisk opplæring som del av djupnelæring
- personalet les og diskuterer litteratur med temaet elevmedverknad, som har til mål å fremja motivasjon

Det me ser når me går inn på resultatata for kvar skule, er at skulane har ulike resultat på ulike område, og tiltaka er difor ulike på skulane. Likevel gir 10. trinn sine resultat grunn til uro for skuleeigar. Me tenkjer faktorane må sjåast i samanheng, og har sett inn tiltak med prosjektet «Juniorforskaren» kor tema er motivasjon og elevmedverknad, og takka ja til å vera med i Udir si oppfølgingsordning.

## 3.2. Mobbing på skulen (prosent)


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

### Lokale mål

Elevar og føresette skal oppleve at skulane har nulltoleranse for mobbing.


Elevane skårer på eller betre enn landsgjennomsnittet i elevundersøkinga.

### Kvam kommune (EIER) | Mobbing på skolen 7. trinn | Geografisk sammenligning



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn

### Kvam kommune (EIER) | Mobbing på skolen 10. trinn | Geografisk sammenligning



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn

## Skuleeigar si vurdering

Lokalt mål er ikkje oppfylt, korkje på 7. eller 10. trinn. Men 10. trinn skil seg med mellom desimalar og eit prosentpoeng frå nasjonale, regionale og kostragruppe- resultat, medan resultatet frå barneskule uroar. Når me ser på resultatata på dei ulike skulane, er det særleg to barneskular som skårer særst høgt på mobbing, og dette vert det gripe fatt i av dei aktuelle skulane. Dette er tiltaka som samla for dei to skulane er sette i verk:

- Arbeid med arbeidsro i timane; personalet har arbeidd med å finna oppretthaldande faktorar, funne viktige prinsipp for klasseleiing og involvert elevrådet i arbeidet
- Forbetra rutine for vakt i friminutta
- Kartlegging av kor det finst mobbing på skulen, slik at ein kan setja i verk aktivitetsplanar
- Samarbeid med miljørettleiar, helsesjukepleiar, PPT, familiesenteret og politi
- Ulike arrangement/ prosjekt med fokus på nettvett og venskap

Resultatet for mobbing inneverande år på eit par av barneskulane vart også trekt fram av Statsforvaltaren då Kvam herad fekk tilbod om å vera med i oppfølgingsordninga, og skuleeigar er difor glad for at me får hjelp til systematisk arbeidet med dette framover.

## 4. Nasjonale prøvar

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)


### Lokale mål

Større fokus på å utfordra elevar fagleg både i lesing, rekning og engelsk, slik at me har fleire elevar som skårar på meistringnivå 3 på barneskulen og 4 og 5 på ungdomsskulen.

### 4.1. Nasjonale prøvar 5. trinn

#### 4.1.1. Rekning

##### Kvam kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 5. trinn | Egne tall



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

## 4.1.2. Lesing

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

### Kvam kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 5. trinn | Egne tall




Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

## 4.1.3. Engelsk

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

### Kvam kommune (EIER) | Mestringsnivåer Engelsk 5. trinn | Egne tall



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

---

## Skuleeigar si vurdering

I fleire år har me sett på samla resultat når me har kommentert resultat i Tilstandsrapporten. Me har dette året, og vil framover gå grundigare inn i kva som ligg bak tala, og sjå kva resultat kvar skule bidreg med inn i samla resultat.

**Rekning 5.trinn:** Nasjonalt fordeler elevresultat seg slik: 23,3% meistringnivå 1, 51,4% meistringnivå 2 og 25,3% meistringnivå 3. Vestland har om lag same fordelinga. Kvam samla sett har noko betre resultat, som skuleeigar er nøgd med. Går me inn og ser på resultata på kvar skule, finn me at det er nokre skular som ligg under, og har til dels mange elevar på meistringnivå 1. Her er det, etter drøfting i støtteteam, sett i gang kurs i grunnleggjande rekning for dei elevane som skåra svakast.

**Lesing 5. trinn:** Det er særleg meistringnivå 1 me har vore uroa over i kommunen. Nasjonalt fordeler elevresultat seg slik: 22,9% meistringnivå 1, 55,9% meistringnivå 2 og 21,3% meistringnivå 3. Me er glade for at me har langt færre elevar på nivå 1: 14,9%. Utover dette veit me og at fleire skular har lågare skår. Der kor det er høgare skår på nivå ein, er det naturlege årsaker til resultatet, og tiltak er sett inn. Målet til skuleeigar er såleis nådd inneverande skuleår.


**Engelsk 5. trinn:** Nasjonalt fordeler elevane sine resultat slik; 25% meistringnivå 1, 45,3 meistringnivå 2 og 29,7% meistringnivå 3. Me ligg difor noko over på meistringnivå 1 og under på meistringnivå 3. Går me inn og ser resultat for kvar skule, er det to skular som har fleire elevar på meistringnivå 1. Skulane ser at elevane treng meir øving på tekstar som liknar dei elevane får i dei nasjonale prøvane, og omgrep som vert brukt. Vidare vert det fokus på at elevane får engelsk i andre fag enn i timane i engelskundervisninga, engelsk kvar dag med til dømes songar og regler, dag osv. og fokus på faget med tanke på rekruttering.

## 4.2. Nasjonale prøver ungdomstrinn

### 4.2.1. Rekning


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

#### Kvam kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 8. trinn | Egne tall



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn

#### Kvam kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 9. trinn | Egne tall




Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn

## 4.2.2. Lesing

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

### Kvam kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 8. trinn | Egne tall

Mestringsnivå1 Mestringsnivå2 Mestringsnivå3 Mestringsnivå4  
Mestringsnivå5



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn

### Kvam kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 9. trinn | Egne tall

Mestringsnivå1 Mestringsnivå2 Mestringsnivå3 Mestringsnivå4  
Mestringsnivå5




Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

## 4.2.3. Engelsk

[Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

### Kvam kommune (EIER) | Mestringsnivåer Engelsk 8. trinn | Egne tall

Mestringsnivå1 Mestringsnivå2 Mestringsnivå3 Mestringsnivå4  
Mestringsnivå5



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

### Skuleeigar si vurdering

8. trinn:

**Rekning:** Nasjonalt fordeler elevresultat seg slik: 8,3% meistringnivå 1, 22,3 meistringnivå 2 og 38,4 % meistringnivå 3, 21,1% meistringnivå 4 og 10,0% meistringnivå 5. Om ein ser på Kvam herad sine elevar sine resultat, har me resultat som er betre med færre elevar på meistringnivå 1 og dårlegare enn nasjonalt med færre elevar på nivå 5. Alt i alt meiner skuleeigar dette er eit godt resultat for dei to ungdomsskulane våre. Tiltak som er sett i verk for elevar med svake resultat, er mellom anna mattegrupper.

**Lesing:** Nasjonalt fordeler elevresultat seg slik: 9,8% meistringnivå 1, 17,2% meistrinnivå 2, 41,3 meistrinnivå 3, 21,8% meistringnivå 4 og 9,9 % meistringnivå 5. Same tendens på resultat ser med i lesing som i rekning. Me har færre elevar på meistringnivå 1 og litt under på nivå 4 og 5. Samla sett eit godt resultat. Det vart mellom anna gitt tilbod om lesekurs til elevar som hadde låg skår. Fleire

elevar takka nei til dette. Dette er noko me må arbeida vidare med. Korleis motivera elevar med låg skår?

**Engelsk:** Nasjonalt fordeler elevresultat seg slik: 8,0 meistringnivå 1, 17,7 meistringnivå 2, 42,6 meistringnivå 3, 21,0 meistrinnivå 4 og 10,7% meistringsnivå 5. Kvam sine resultat samla sett er som landet elles, men ser ein på resultatata for kvar skule, er det noko skilnad på resultatata. Skulane set inn tiltak etter kva som er utfordringa med meir fokus på engelsk som del av andre fag.

9.trinn:

**Rekning:** Nasjonalt fordeler resultatata seg slik: 5,0 % meistringnivå 1, 15,3 % meistringnivå 2, 34,4 % meistringnivå 3, 26,6 % meistringnivå 4 og 18,6 % meistringsnivå 5. Kvam sitt resultat samla sett har fleire elevar på meistringsnivå 1, og fleire på nivå 5. Ser me på kvar skule, er skilnadene store, med eine skulen med få elevar på meistringnivå ein, og den andre med fleire på nivå 5. Det er difor viktigare for skulane og sjå på eigne resultat, enn å sjå på Kvam sine samla resultat, og setja inn eigna tiltak for dei elevane som strevar.

**Lesing:** Nasjonalt fordeler resultatata seg slik: 7,9% meistringnivå 1, 11,9% meistringnivå 2, 41,6 % meistringnivå 3, 24,8 % meistringnivå 4 og 13,9 % meistringsnivå 5. Kvam sitt resultat er om lag som nasjonalt, men har noko færre elevar på meistring nivå fem, og fleire på nivå 3.

## 5. Karakterer og grunnskulepoeng

I dette kapittelet har me ikkje fått nye tal sidan Tilstandsrapporten for 2021. I fjor vart rapporten skrive om hausten, medan i år vert Tilstandsrapporten skrive om våren. Difor er tala her dei same som i fjor, og det er gjort få endringar i teksten.

### 5.1. Standpunktkarakterar


Lokale mål

Elevane skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet i norsk, engelsk og matematikk.

#### 5.1.1. Norsk

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

## Kvam kommune (EIER) | Norsk hovedmål standpunkt | Geografisk sammenligning




Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

## 5.1.2. Engelsk

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

## Kvam kommune (EIER) | Engelsk standpunkt | Geografisk sammenligning



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

## 5.1.3. Matematikk

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

### Kvam kommune (EIER) | Matematikk standpunkt | Geografisk sammenligning

■ Kvam kommune (EIER) ■ Vestland ■ Nasjonalt ■ KOSTRA-gruppe 05



Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

#### Skuleeigar si vurdering

Standpunktkarakterane for elevane våre i dei skriftlege faga varierer frå ein tidel over, likt med nasjonalt, til to tidels karakter under landsgjennomsnittet. Slik har det vore over tid. Det er vanskeleg å sjå nokon annan tendens enn at me ligg om lag på landsgjennomsnittet.

Det vart ikkje gjennomført skriftleg eller munnleg eksamen i 2021 grunna Covid 19.

## 5.2. Grunnskulepoeng

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

### Lokale mål

Elevane skal få ta ut læringspotensialet sitt. Elevane i Kvam skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet.

### Kvam kommune (EIER) | Grunnskulepoeng | Geografisk sammenligning

Skoleårene 2019-20 og 2020-21 er grunnskulepoeng kun basert på standpunktkarakterer



### Skuleeigar si vurdering

Til vanleg har me hatt litt høgare grunnskulepoeng enn fylket og nasjonalt. I 2019/20 kom me litt under, i 2020/21 er me om lag på landsnittet. Grunnskulepoeng speglar karakterane i faga. Her er det verd å merka at grunnskulepoeng er rekna av alle faga, ikkje berre faga me viser i tabellen over.

## 6. Gjennomføring

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

### Lokale mål

Alle grunnskuleelevar i Kvam startar direkte på vidaregåande skule.

### Kvam kommune (EIER) | Overganger fra grunnskole til VGO | Geografisk sammenligning

År	Kvam kommune (EIER)	Vestland	Nasjonalt	KOSTRA-gruppe 05
2021	99,1	98,0	97,9	98,4
2020	99,0	98,5	98,2	98,4
2019	100,0	-	98,0	-
2018	100,0	-	98,0	-
2017	99,2	-	98,1	-

Kvam kommune (EIER), Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

### Skuleeigar si vurdering

Elevane frå Kvam herad har over mange år kome godt ut på Gjennomføring, og det held fram i same lei for siste året. Det er eit godt resultat for Kvam, kor samla innsats gjev resultat.

## 7. Ein skule for alle

Hovudmål: Alle elevar skal ha god ordinær opplæring. Opplæringa skal inkludera alle, og bidra til å redusera behovet for spesialundervisning, og vidare leggja til rette for god støtte til elevar med særskilde behov og tilpassingar.

### 7.1. Trygt og godt skulemiljø

#### **Alle born og unge skal oppleva eit trygt og godt skulemiljø, jamfør Opplæringslova § 9A.**

Skuleeigar skal sjå til at det er eit forsvarleg system som fangar opp og handterer saker der det viser seg at elevar opplever det utrygt på skulen. Det vert arbeida kontinuerleg med å sikra eit trygt og godt skulemiljø for alle i tråd med overordna plan som vart ferdig i 2021. Det førebyggjande arbeidet er sentralt, og det er viktig at alle tilsette, skuleleiing og skuleeigar aldri tek fokus bort frå dette arbeidet. Elevane har rett til å vert høyrte i saker som gjeld dei, og me skal alltid vurdera eleven sitt beste i arbeidet vårt.

Til trass for førebyggjande arbeid, er det framleis elevar som melder at dei ikkje har det trygt og godt på skulen. I desse sakene vert det sett inn tiltak for å betra situasjonen for den enkelte, og det vert henta inn ekstern støtte og hjelp dersom det er nødvendig. Inneverande år har me til dømes hatt samarbeid med Mobbeombod i Vestland, for mellom anna å få råd og rettleiing i observasjonsmetodikk når me skal undersøkje og i samarbeid heim-skule i §9A saker.

#### **Førebygging:**

I Kvam sin rusfaglege handlingsplan 2020- 2024, står det at skulane skal ha eit felles rusførebyggjande program, men dette såg ikkje skuleeigar at det var økonomi til. Difor ville me inneverande år arbeida med å få ein heilskapleg plan for førebygging av mobbing, rus, psykisk helse, livsmeistring og negativ åtferd/ haldningar, til dømes dårleg språkbruk for 1.-10. trinn. Møtetid i vår og planleggingsdagen mars vart sett av til å finna gode opplegg i alle skulane i Kvam, slik at dette etter gjennomgang av rektorar og avdelingsleiarar vert ein plan som skal gjelda frå hausten. Denne planen er ikkje komplett, og skuleeigar får framleis mange oppmodingar frå lærarar som ynskjer at Kvam kjøpte eit førebyggjande haldningsprogram, til dømes MOT eller Mitt Val.

Nokre av elevane våre har høgt skulefråvær av ulike årsaker. Dette har auka dei siste åra, og uroa er at det er fleire yngre elevar som strevar med dette. I Kvam bruker me planen "SKULEFRÅVÆR - Ein rettleiar for førebygging og oppfølging" som vart utarbeidd i 2017. Kvam Herad fekk tilført LOS-midlar gjennom Bufdir (Barne, ungdoms og familiedirektoratet) etter søknad, og hadde året 2016/2017 eit prosjekt med fokus på arbeid både på individ- og systemplan. LOS-prosjektet er ein del av regjeringa si satsing på å leggja til rette for at flest mogleg kan fullføra vidaregåande opplæring og vera godt rusta til arbeidslivet. Føringar frå departementet gjorde at midlane måtte nyttast med hovudfokus på ungdom frå 14 år og eldre. Planen vart først prøvd ut i ungdomsskulane i Kvam, men vert no brukt i tråd med intensjonen i planen og vert nytta av skulane frå 1.-10. trinn.

Som ein del av det førebyggjande arbeidet i skulen, har Oppvekstsjef, fleire skuleleiarar, tilsette og samarbeidspartar i Oppvekst teke til orde for å ha eit tilbod om alternativ opplæringsarena for elevar som i kortare periodar har bruk for ein annan opplæringsarena enn klasserommet. PPT- leiar og leiar for skule har ansvar å undersøkje kva tilbod som finst i samarbeidskommunane våre Voss/ Hardanger, og nærliggjande kommunar som til dømes Bergen. Målet er å ha eit tilbod i kommunen som er fast og har god kvalitet, og at det ikkje vert tilfeldige samarbeidspartar som dei ulike skulane lagar avtalar med.

**Arbeidet med elevsyn: “Born er ikkje vanskelege- dei har det vanskeleg,”** er eit kontinuerleg arbeid med å forstå elevar som er utrygge, kjenner skam, redsle, skuld, har det uroleg eller utrygt på skulen eller heime, har utviklingsforstyringar, ikkje passar inn i ein teoritung skulekvardag osv. Me bruker framleis LP (Læringsmiljø og Pedagogisk analyse) sitt analyseverktøy for å finna oppretthaldande faktorar. Dette er eit langsiktig arbeid, og me ser at me også må ha gode verktøy og arbeidsmetodar for å sikra at barn og tilsette rundt dei som har det vanskeleg får eit trygt og godt skulemiljø. Me samarbeider tett med PPT for å finna gode løysingar. PPT har mellom anna brukt *snu-metoden* for å betra klassemiljøet.

(<https://utdanningsforskning.no/artikler/2017/snuoperasjon-for-toffe-klasser/>).

I tillegg er BTI (betre tverrfagleg innsats) eit verktøy i det førebyggjande arbeidet.

**Sosialfagleg kompetanse.** Hausten 2019 vart det tilsett sosialfagleg kompetanse til skulane i Kvam for å styrkja skulane i møte med elevar som har det vanskeleg. Det vart tilsett fem personar, og skulane har gitt gode tilbakemeldingar på at dei har fått inn kompetansen deira.

Det var ikkje auka rammer for nyoppretta stillingar, ein omgjorde i hovudsak assistentstillingar til fagstillingar. Det betydde at det ikkje var rom for å ha desse stillingane i tillegg til ordinær bemanning, difor måtte dei overta oppgåver som assistentane hadde hatt.

Resultatet har vore at miljørettleiarane har hatt veldig ulik arbeidssituasjon med tanke på organisering, arbeidsoppgåver, samarbeid og oppfølging av skuleleiarane. Vidare ser me at det har vore vanskeleg å halda på denne ressursen i dei små skulane, og det er difor ikkje sikkert at alle skulane vil halda fram med å ha miljørettleiar på sin skule. Det er ikkje lovpålagt å ha dette.

Inneverande år har skuleeigar saman med skuleleiinga utforma ein overordna plan for miljørettleiarane med skildring av oppgåver, samarbeid på tvers av skulane, timeplan, struktur, og møtetid. Dette vart godt motteke av miljørettleiarane, og planen gjeld frå oppstart av nytt skuleår hausten 2022.

## 7.2. Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020 (LK 20)

LK 20 (Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020) vart frå 1. august 2021 innført for alle trinn i grunnskulen. Tverrfaglege tema i LK20 er berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring. Naturlege emne i skulen kan vera at eleven lærer meir om personleg økonomi, psykisk helse og korleis me skal ta vare på jorda til komande generasjonar. Elevane skal også få opplæring i refleksjon, kritisk tenking, kjeldekritikk og programmering. Programmering er ikkje eit eige fag, men lagt inn som kompetansemål i fleire fag. Dette og fleire av dei andre områda krev både utstyr og kompetanse hos dei tilsette.

Inneverande skuleår har Kvammaskulen søkt og fått tilskot til innkjøp av utstyr til programmering. For å sikra at alle elevane får kompetanse i programmering i grunnskulen er ungdomsskulen prioritert. Dei har no fått tilgang til mykje spanande utstyr. I neste omgang vert det søkt om tilsvarande tilskot til innkjøp for dei yngre elevane. På planleggingsdagen i november var programmering tema for alt pedagogisk personale.

LK 20 legg opp til nye måtar å læra på. Djupnelæring er sentralt, og kan definerast som det å gradvis utvikla kunnskap og forståing av omgrep, metodar og samanhengar i fag og mellom fagområde. Det er viktig å leggja til rette for djupnelæring for at elevane skal utvikla kompetansen dei treng i ei framtid som er i rask endring.

Sjølv om lærarane har gjennomført kompetansepakkane frå Udir for å verta betre kjend med nytt læreplanverk, veit me at me treng meir tid for at undervisninga skal vera i tråd med denne. Implementeringsarbeid tek tid. Covid og sjukefråver er ein av dei største hindringane. Innføring av BTI (betre tverrfagleg innsats), arbeid med særskild norskopplæring, ny SFO-plan og vedtekter og plan for rus- og mobbeførebygging er alle tema som er viktige i den overordna delen av læreplanverket og Opplæringslova, og som skulane har brukt tid på inneverande år. Men både lærarar og elevar har gjerne mest fokus på den ordinære undervisninga, og ynskjer å bruka meir av møtetid og planleggingsdagar til dette. Skuleeigar ser behov for å retta meir fokus mot dette, særleg med tanke på at Ung data-resultat viser at altfor mange elevar keier seg på skulen, elevundersøkinga viser at motivasjonen er dårleg, særleg på ungdomstrinnet, medan trivnaden er god.

Når det gjeld behov for læremiddel i samband med ny læreplan, er me takksame for at politikarane gav oss pengar til dette. Me har kjøpt inn bøker i nokre fag, men bruker god tid på å velja ut og sjå kva som er behovet før me kjøper inn, og har difor ikkje kjøpt inn alt av bøker enno. Før me kjøper inn, vert det sett ned faglærarar på tvers av skulane som går gjennom ulike verk, og bestemmer kva som skal kjøpast inn. Det vert like bøker i alle skulane, slik at me ved utarbeiding av årshjul og undervisningsopplegg har høve til å dela mellom skulane. Inneverande år har me brukt digitale læremiddel frå Aschehoug (1.-7. trinn) og Gyldendal (8.-10. trinn), og etter evaluering av verka, vil me halda fram med desse. Sjølv om digitale læremiddel vert nytta, vil ikkje desse i hovudsak erstatta bøker, men verta eit godt supplement. Me er i ein prosess om det er fag som skal prøvast ut som heildigitale. Dette er ikkje teke ei avgjerd på enno, men det kan vera fag som kroppsøving, kunst og handverk, musikk og mat og helse.

## 7.3. Kompetanse

### 7.3.1. Tilsetjing

Stortinget vedtok i 2015 å auka kompetansekrava for å kunna undervisa i grunnskulen. På barnetrinnet er krava 30 studiepoeng for faga norsk, matematikk og engelsk. For ungdomstrinnet er kravet 60 studiepoeng for dei same faga, medan det for andre fag er 30 studiepoeng. Det kan

gjevast dispensasjon frå kravet til 2025. Ved ny regjering er det sagt at desse krava skal endrast, men skuleeigar finn ikkje oppdateringar som stadfestar dette formelt.

Det er eit kommunalt ansvar å sikra rett og naudsynt kompetanse i skulen.

Våren 2022 har Kvam mange kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar, men måtte ha ein 2. gong utlysing for undervisningspersonale for å prøva å få fleire søkjarar med breiare fagkombinasjon, 1.-7. lærarar og 5.-10. lærarar. Tisetjingsprosessen er ikkje ferdig når Tilstandsrapporten har skrivefrist 20. mai.

Me er glade for å få fleire nyutdanna grunnskulelærarar med mastergrad inn i skulen. Samstundes ser me at dei nyutdanna kan ha smalare fagkombinasjonar på same måte som universitetsutdanna med pedagogisk seminar. I 2025 er det førebels spesifikke krav til kompetanse ein skal undervisa i, og me må ta høgde for dette ved tilsetjingar.

I Kvam vert ein tilsett i skule i Kvam, med «for tida tenestestad» ved ein spesifikk skule. Dette gjer at det sikrar den tilsette jobb ved til dømes reduksjon i skuleramme eller elevtal, men og at skuleeigar kan nytta kompetansen til den tilsette der det er bruk for dei. Med dei nye krava til kompetanse, og eit ynskje frå skuleeigar om å nytta ressursane han har til det beste for elevane, vil dette vera eit tiltak skuleeigar ynskjer å nytta seg av i større grad.

Inneverande år har me hatt det å vera tilsett i kommunen «for tida tenestestad» oppe som tema på rektor sine møte med presentasjon frå skuleeigar. Det er veldig ulikt kva tankar dei tilsette har rundt dette. Fleire uttalar at ordninga er god for å sikra fast arbeid ved evt. endringar i ressurs og elevtal, medan andre er særskilt knytt til den skulen dei jobbar på og er uroa for om dei skulle måtte skifta skule. Skuleeigar har ikkje tankar om å ha store ombytingar på tilsette, men meiner det er viktig at dei tilsette er merksame på kva ordningar som er gjeldande.

Kvam herad har dei to siste skuleåra hatt tre faste ledige rektorstillinger. Medan Strandebarm skule og Kvam ungdomskule fekk kvalifiserte søkjarar og tilsett rektorar på plass, vil Ålvik skule vil ha konstituert rektor skuleåret 2022/2023.

## 7.3.2. Vidareutdanning

Tabellen under viser tal lærarar som søkte vidareutdanning gjennom Udir si vidareutdanningsordning våren 2022. Det har vore aukande tal søkjarar til dei ulike vidareutdanningane. Skuleeigar prioriterer søknadene som kjem inn mellom anna ut frå kva fag/fagområde skulane og heradet treng auka kompetanse i, og informasjon om dette vert gitt ut til tilsette i forkant av søknadsfristen. Det er Udir som avgjer kven som får tildelt studieplass, og det er ikkje alltid i tråd med skuleeigar sine prioriteringar. Sidan Kvam herad er med i Oppfølgingsordninga, fekk alle som har søkt tildelt studieplass for skuleåret 2022/2023.

Ordningane omfattar vikarordning (2 dagar fri pr.veke med løn i eit studieår) og stipendordning (kr 115 000 utbetalt). Rektorutdanninga har ikkje vikar- eller stipendordning, men rett til fri ved studiesamlingar.

I tillegg til utdanninga gjennom Udir, er det ei tilsvarande ordning gjennom Kompetanse Norge. Det er tilsette som tek vidareutdanning på eige initiativ der kommunen gjev tilskot i samsvar med AMU-vedtak 015/00.

#### **Fordeling vidareutdanning med oppstart hausten 2022:**

Norsk 1 1-7.trinn	1
Programmering 1-7. trinn	1
Programmering 8-13.trinn	2
Spesialpedagogikk 1 1-5.trinn	2
Spesialpedagogikk 2 1-10.trinn	2
Spesialpedagogikk 1 8-13.trinn	1
Master i karriererettleiing	1
Kunst og handverk 1-10	1
Andrespråkspedagogikk	2
Skuleleiarutdanning (rektorutdanninga)	2

### **7.3.3. Kurs**

10- faktor-undersøkingar tidlegare år, har vist at lærarane ynskjer kompetanseheving. Skuleåret 2021/22 er det gjennomført ein kurspakke med tema etter ynskje frå tilsette. Kvart av kursa vart sett opp to gongar for å sikra at alle som ynskte det skulle ha høve til å vera med. Kursa er gjennomført etter undervisningstid, i den ubundne tida pedagogane har til føre- og etterarbeid og fagleg oppdatering.

Tema skuleåret 21/22:

1. ADHD
2. Nettvett for lærarar; bilete, biletbruk, rettar, kjeldekritikk og samansette tekstar
3. Inkludering - støttesystem, dysleksi
4. Bruk av Active board (digital tavle)
5. Autisme

Skuleeigar ynskjer å halda fram med tilbodet skuleåret 2022/23, men vil ha eitt kurs per tema, då det er ressurskrevjande å gjennomføra to like kurs, og me ser at talet påmeldte ikkje har ført til kapasitetsproblem ved gjennomføring av kursa i multisalen ved Kvam ungdomsskule.

Det er sendt ut spørjing til tilsette for å evaluera kursa slik at det kan gjerast justeringar. Dei har i tillegg fått høve til å koma med ynskje for tema komande skuleår. Kursrekka er ikkje ferdig planlagt.

## 7.3.4. DEKOM

Desentralisert kompetanseutvikling er ei ordning der statlege midlar skal byggja opp om skuleeigar sitt ansvar for kvalitetsutvikling. Ordninga har som mål og premiss at samarbeidet mellom lærarutdanningane skal styrkast. Skuleeigar sine prioriteringar skal byggja på tilstandsvurderingar og analysar. Det er dei regionale kompetansenettverka som har ansvar for fordelinga av midlar og rammeverk knytt til ordninga.

I Voss- og Hardanger kompetanseregion har ein knytt ordninga saman med ekstern vurdering, og samarbeider med universitet eller høgskule. Dette vil sei at det er det i forkant av kompetanseutviklinga skal gjennomførast ekstern vurdering ved kvar skule, noko som skal vera med på å peika ut område ein skal satsa på i kompetanseutviklinga.

I Kvam er Ålvik skule våren 2022 ferdige med sitt utviklingsarbeid gjennom med DEKOM, og arbeidet deira vert vidareført i eigen regi. Strandebarm har fokus på djupnelæring og held fram med ordninga. Norheimsund og Tørvikbygd skule etter planen ha starta i 2022, men regionen har utsett oppstart av utviklingsarbeidet til våren 2023.

## 7.3.5. Oppfølgingsordninga

Kvam herad har takka ja til tilbod om å vera med i Udir si oppfølgingsordning.

Oppfølgingsordninga skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunar og skular slik at dei kan nå måla som er sett som sektormål for grunnopplæringa:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Dette er ei ordning i regi av Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Statsforvaltaren. Utdanningsdirektoratet har ansvar for å identifisera kandidatar, prioritera desse og dela ut midlar til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren forvaltar ordninga lokalt i fylket, har dialogen og samarbeid med kommunen og skaffar rettleiarar for kommunane i førfasen. Gjennom ordninga får kommunane tilbod om statleg støtte og rettleiing over ein periode på 3 år. Innsatsperioden i oppfølgingsordninga består av to fasar:

**Forfasen.** Kommunane skal med hjelp av eksterne rettleiarar og Statsforvaltaren, analysa eigne data og laga eit utfordringsbilete. I tillegg skal dei planleggja tiltak, finna kompetansemiljø og planleggja og forankra utviklingsarbeidet som skal gjennomførast i neste fase. Forfasen varer eitt år, og startar hausten 2022.

**Gjennomføringsfasen.** I denne fasen gjennomfører kommunen sine tiltak. Dette kan vera i samarbeid med ulike kompetansmiljø, som kan støtta arbeidet med å utvikla kvaliteten på skuleeigarskapet og kvaliteten i skulane i kommunen. Gjennomføringsfasen varer to år.

Udir har to måtar å identifisera kommunar på, dei 30 kommunane i landet med høgast del risikopoeng, og deretter 10 kommunar der spreinga i delen risikopoeng mellom skulane i kommunen er over eit visst nivå fastsett av Udir, **og** minst ein av skulane i kommunen har del risikopoeng i nedste kvartil av alle skulane i landet. Kvam er identifisert i sistnemnde med resultat over tre år frå følgande:

- Grunnskulepoeng
- Nasjonale prøvar lesing og rekning – 5. trinn
- Nasjonale prøvar lesing og rekning – 8. trinn
- Elevundersøkinga – mobbing – 7. og 10. trinn
- Elevundersøkinga – støtte frå lærarane – 7. og 10. trinn
- Elevundersøkinga – motivasjon – 7. og 10. trinn

Målet med forfasen som startar hausten 2022 er:

- Bli kjende med og forstå eigne data
- Utarbeida og forstå eige utfordringsbilete
- Identifisera kva for tiltak som er nødvendige å setja inn for å møte utfordringane identifiserte gjennom analyse
- Laga ein plan for gjennomføringsfasen, og inngå eventuelle avtalar med kompetansmiljø
- Forankra behovet for det komande utviklingsarbeidet i eigen organisasjon både på politisk og administrativt nivå
- Auka eigen kompetanse i å forstå og nytte data i kvalitetsutviklingsarbeidet

Skuleeigar ser fram til å starta dette arbeidet, som me meiner vil gi viktig kompetanseheving for skuleeigar, skuleleiarar og tilsette. Alle skulane vil vera med på arbeidet, uavhengig av risikopoeng, då skuleleiarane ser behovet for at me utviklar Kvammaskulen i lag, og dreg i same retning. Dette er viktige arbeidsområde me jobbar med kontinuerleg og vil ikkje verta eit nytt prosjekt. Dette er arbeid som likevel skal gjerast, men der me no får støtte og kompetanse frå høgskule og universitet med på laget.

Det at me har spreing av risikopoeng mellom skulane er ikkje overraskande. Fleire faktorar kan vera medverkande til det, og dette vil vera ein del av arbeidet å identifisera. Me har dei siste åra hatt fokus på laga system og rutinar for å ha ein felles grunnmur for skulane i Kvam. No vil me freista kvalitetsikra systemet vårt og gjera nødvendige endringar ved behov. Vidare veit me at me treng meir tid på å implementera arbeidet me har sett i gang.

April 2022 var leiar for skule og rådgjevar til Oslo for å få meir informasjon om Oppfølgingsordninga i regi av Udir, og kommunar som har vore i ordninga tidlegare. Der var det framheva at det var særst viktig at politisk nivå tok eigarskap i dette arbeidet ved at minimum ordførar og varaordførar og/ eller formannskap hadde faste dialogmøte, og at skule fekk nødvendig ro og tid til Oppfølgingsordninga.

## 7.4. Inkludering

### 7.4.1. Støttesystem

Støttesystemet for skulane i Kvam handlar om å skapa inkluderande læringsfellesskap for alle elevar, gjennom å organisera og setja i verk tiltak kring elevar i ordinær opplæring etter kva tilretteleggingsbehov eleven har. Gjennom god og verksam tilrettelegging i ordinær opplæring, er målet at fleire elevar skal få hjelpa dei treng utan vedtak om spesialundervisning. Det er bestemt at støttesystemet skal gjelda på alle skulane i Kvam, og skal gjennomsyra opplæringa. Plan for støttesystem på skulane i Kvam er tilgjengeleg for alle tilsette i Compilo. *Laget rundt barnet* som det vert vist til i Meld.St.6, er gjennom støttesystemet teke på alvor i Kvam. Eit støttesystem i Kvam er avhengig av at lærarane har god kompetanse på ulike utfordringar som dei møter i elevgruppa og korleis ein kan løysa desse, og slik styrka den ordinære undervisninga. PPT sine tilbod om kurs om støttesystem, inkludering, dysleksi, adhd og autisme dette året er eit forsøk på å styrkja kompetansen kring støttesystemet vårt.

PPT har utekontordag på alle skulane i Kvam ein dag i veka på dei største skulane og kvar 14. dag på dei to minste skulane. Gjennom aktivt å vera til stades, kan PPT vera tett på og følgja opp støttesystemet gjennom observasjonar, lågterskel rettleiing og drøfting, og gjennom å delta fast i interne møte på skulane (støtteteam). Dette er med å sikra både eit systemperspektiv og ein individperspektiv i støttesystemet.

### 7.4.2. Spesialundervisning

Prosent av elevar med vedtak om spesialundervisning, utvikling 6 siste åra:

16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22
8 %	8,6%	8,7%	10,15%	10,4%	10,3%

Nøkkeltall 2021	Kvam	Vestland	Kostragruppe 5	Landet
Årsti mar til spesialundervisning pr. elev	152,1	148,6	162,4	144,4

(Denne tabellen er henta frå Kostra.)

Nasjonalt har 7,6% av elevane vedtak om spesialundervisning. 68% av desse er gutar. Talet på elevar er tre gonger høgare på 10. trinn enn 1. trinn.

I Kvam hadde me skuleåret 990 elevar. Av desse hadde 102 elevar vedtak i følge tal frå GSI, 78 av desse var gutar mao 76,5 %.

Då støttesystemet etter politisk vedtak i 2012 vart innført i 2013-2014, var spesialundervisningsprosenten i Kvam på 15,9 %. Dei neste åra gjekk talet på elevar med spesialundervisning betydeleg nedover og me var i 2015-2016 på under 8 %. Me ligg framleis godt

under det me var før innføringa av støttesystemet, men me ser at dei tre siste åra har rundt 10 % av elevane i Kvam motteke spesialundervisning.

Det kan vera mange grunnar til det. Pr. i dag har me eit støttesystem, men me har ikkje lengre dei same ressursane til eigne støttelærarar som dei første åra. Frå 2013-2019 har innsparinga på skule vore 5,5 millionar kroner. Det at me ikkje har same ressursane til støttesystemet, meiner me er ein viktig faktor når det gjeld auke av spesialundervisninga. Det siste året har me skriftleggjort intensjon og tiltak i støttesystemet der me vektlegg tiltak som kan gjerast i ordinær undervisning. Me har også auka innsatsen når det gjeld kompetanseheving på såkalla spesialpedagogiske område; t.d. kurs om ADHD, autisme, dysleksi, støttesystem og inkludering. Målet er at gjennom auka kompetanse skal me igjen kunna snu trenden når det gjeld elevar som har behov for spesialundervisning.

Nokre elevar vil uansett ha eit stort behov for spesialundervisning, og det er ein individuell rett som framleis gjeld (opplæringslova § 5.1). Det er eit stort press på meir ressursar frå skulane og andre instansar (t.d. BUP, autismeteam m.fl.), og det kan vera krevjande å gjera ei sakkunnig vurdering på kva som er det faktiske behovet til barnet. Behovet til barnet skal alltid vurderast opp mot kva tilbodet i det ordinære er. Ved å heile tida ha fokus på styrking av ordinær undervisning, vil færre born ha behov for spesialundervisning. Målet er at det er dei som har dei største og mest omfattande behova som skal ha spesialundervisning i Kvam. Medan me i Tilstandsrapporten 2021 melde at dei som får spesialundervisning mottok fleire årstimar enn kostragruppe 5, Vestland og landet elles, ser me at me inneverande år gav omtrent årstimar som Vestland, lågare enn kostragruppe 5 og høgare enn landsnittet.

### 7.4.3. Særskild norskopplæring

Tabellen under viser tal timar til særskild norskopplæring kvar elev får.

Nøkkeltall 2021	Kvam	Vestland	Kostragruppe 5	Landet
Årstimar til særskilt norskopplæring pr elev	30,2	34,8	47,8	30,5

(Denne tabellen er henta frå Kostra.)

Gjennom året er det gjort eit større arbeid for å forbetra tilbodet Kvam gjev elevar som har rett til særskild språkopplæring. Det er utarbeida handlingsplan som vart ferdig og presentert for undervisningspersonale i Kvam herad 2. mai. Planen skal sikra lik handsaming og likt tilbod til alle minoritetsspråklege elevar i Kvam, uavhengig av kvar dei er busett og kva nærskule dei høyrer til. I tillegg har det vore eit mål å løfta fram det å vera fleirspråkleg som ein viktig ressurs.

Handlingsplanen kan lesast på [kvam.no](http://kvam.no) ([Handlingsplan for særskild språkopplæring \(framsikt.net\)](#)) Parallelt med planarbeidet er det utarbeida ny rutinar for kartlegging og enkeltvedtak. Kvam herad har over tid brukt mindre ressursar på timar til særskild språkopplæring enn andre kommunar i kostragruppe 5 og landet elles. Ressursen er no auka. Samla meiner me at dette vil gje eit løft og eit betre tilbod til eleven i tråd med rettane etter Opplæringslova § 2.8.

## 7.5. SFO

Pr. Oktober 2021 var det 181 born på SFO, 58 av desse borna hadde 100% SFO-plass. Det vert nytta 7,82 årsverk til SFO, inkl. auka bemanning til born med behov for tilrettelegging. Alle skulane hadde SFO- tilbod skuleåret 2020/2021.

Nasjonal rammeplan for Skulefritidsordninga (SFO) var gjeldande frå 1. august 2021. Kvam herad har laga ein felles plan for SFO i Kvam. Planen er i tråd med rammeplanen og skal sikra eit likt tilbod og lik praksis uavhengig av kva SFO barnet høyrer til. Planen skal syna korleis Kvam herad omset verdigrunnlaget i rammeplanen til praksis. Det er laga framlegg til endring i gjeldande vedtekter for SFO. Vedtektene skal handsamast politisk våren 2022.

## 7.6. Prosjekt

### Ungt entreprenørskap (UE)

UE er ein landsomfattande organisasjon som i samspel med utdanningssystemet/ næringslivet jobbar for å utvikla barn si skaparglede, kreativitet og tru på seg sjølv. Det dei lærer på skulen kan brukast i kvardagen og i framtidig utdanning, yrke eller samfunnsliv. Hardangerkommunane har samarbeidsavtale med UE, som tilbyr skulane ulike program som dekkjer mål i læreplanane:

- **4. trinn på programmet.** «Vårt lokalsamfunn». Elevane lærer om lokalsamfunnet og får innblikk i arbeids- og næringslivet si betydning for velferd og trivsel. Programmet lærer også elevane om ansvar og moglegheiter kvar enkelt har for å bidra til at lokalsamfunnet blir ein god stad for alle.
- **6. trinn SMART(are) Energi.** Programmet inspirerer lysta til å tenkja fritt/kreativt. Gjennom ein prosess skal dei avdekka, utvikla og realisera idear/løysingar andre kan gjera seg nytte av: entreprenørskap i praksis! Dei beste oppgåvene frå kvar skule går vidare til ein kommunefinale, ang forslag til korleis løysa berekraftig fiskefor. Vinnaren lokalt og Fylkesnivå var 3 elevar på Norheimsund skule. Dei skal presentera oppgåva si på Hardangerkonferansen i Ulvik nov.18.
- **9. trinn: programmet «Ungt entreprenørskap»** dekkjer kompetanssmål i norsk, samfunnsfag, kunst og handverk, naturfag og utdanningsval. Elevane skal læra om verdien av entreprenørskap i samfunnet, få entreprenørkompetanse og høve til å reflektera over eigne dugleikar, verdiar og interesser. Ofte er det ei lokal bedrift som gjev elevane ei oppgåve dei skal løysa. Dette vert ikkje gjort inneverande år.

### Juniorforskarprosjektet

Juniorforskarprosjektet del 1 er gjennomført og evaluert. UiB i samarbeid med kommunen arbeider med publisering av artiklar frå prosjektet i internasjonale fagtidsskrift.

Del 2 av prosjektet er under planlegging og vil starta opp skuleåret 2022/2023. Både ungdomstrinna på Strandebarm skule og Kvam ungdomsskule ynskjer å delta i del 2. UiB ved Hemil-instituttet er også i del 2 ansvarleg for evalueringa. Tilskotsmidlar vil dekkja alle kostnader knytt til prosjektet.

## 8. Tverrfagleg samarbeid

### 8.1. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT er ein lovpålagt instans i kommunen og har som hovudoppgåve å vera sakkunnig instans i vurderinga av om born/elevar har behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning. PPT har også eit tydeleg systemansvar, der dei skal bidra til å styrkja ordinær opplæring og gje opplæring til barnehage og skule når det gjeld særleg spesialpedagogiske tema, både på individ- og systemnivå.

PPT har sidan 2014 delteke aktivt i initiering og implementering av støttesystemet på skulane i Kvam, og var våren 2021 også aktive i å utvikla og skriftleggjera støttesystem også for barnehagane i Kvam.

PPT skal ha fokus på den individuelle retten alle som ikkje gjer eller kan gjera seg nytte av ordinær opplæring har. Dei er samtidig aktive bidragsytarar i utvikling av organisasjonen barnehage/skule for å styrka det allmenne og ordinære tilbodet til borna/elevane. Eit trygt og godt læringsmiljø for alle, vil redusera behovet for spesialundervisning. Dette er i tråd med nasjonale føringar om tidleg innsats og eit tydeleg mandat gjennom Meld.St.6 og forskrifter til ny opplæringslov. Skuleåret 21/22 har me bl.a. tilbydd minikurs til alle lærarane i Kvam om ADHD (i samarbeid med BUP), dysleksi og autisme.

PPT har eit sterkt tverrfagleg fokus, og deltek i tverrfagleg utviklingsarbeid i kommunen. I tillegg til støttesystemet på skulane og barnehagane, er PPT aktive bidragsytarar i COS-arbeid og "Ver med meg" kurs til foreldre og tilsette i barnehagen, samt Emosjonsfokusert foreldrerettleiing til foreldre. Dette er eit tverrfagleg arbeid gjennom Kvam familie- og læringscenter (KFL). PPT er også aktive i innføring av BTI, der dei er representert i prosjektgruppa og deltek i pilotering.

PPT har eit særleg ansvar for spesialundervisninga i Kvam ved at dei er sakkunnig instans. Barnehage og skule har ansvar for å utføra og følgja opp sakkunnig vurdering gjennom enkeltvedtak om spesialundervisning. Me ser også i år at spesialundervisninga stig igjen etter fleire år med støttesystem der tendensen var klart synkande. Det kan vera fleire grunnar til dette, det er nemnd tidlegare i denne rapporten. PPT er opptekne av og vil jobba for å få denne tendensen til å snu igjen. Både Meld. St. 6 og ny opplæringslov (som er ute på høyring no) viser til at barn har det best i inkluderande fellesskap. Derfor må PPT saman med barnehage og skule arbeida hardt og målretta framover for å få flest mogleg barn og elevar til å lykkast i ordinær opplæring. Det krev kompetente og autoritative vaksne med stor kunnskap om både risikofaktorar og kva som fremjar meistring. PPT har tru på at gjennom felles og forsterka fokus på støttesystemet, gjennom felles møtestrucuktur og oppbygging hausten 2021, gjennom kompetanseheving av tilsette og gjennom eit PPT med eit sterkt nærvær og samarbeid ute i barnehage og skule, vil me sjå at behovet for spesialundervisning vil verta mindre igjen. Målet er at ordinær opplæring klarar å fanga opp og skapa tilrettelegginga som er naudsynt for det enkelte barn/elev, slik lova krev.

## 8.2. Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Skulane i Kvam herad innfører i saman med alle andre einingane i Oppvekst, ein ny systematisk modell for å gje god og tidleg hjelp til born ein er uroa for, BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats).

Denne samhandlingsmodellen vart opphavleg utvikla av Socialstyrelsen i Danmark, i samarbeid med ei rekke danske kommunar, regionar og organisasjonar. Seinare er han utvikla og tilpassa til også norske tilhøve. Modellen skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenestene retta mot born og unge ein er uroa for, og syner konkret korleis tilsette skal gå fram når dei er uroa. Samstundes er modellen eit rammeverk, som må tilpassast den enkelte kommune.

I Kvam herad er det tilsett ein person med ansvar for prosjektet, og Norheimsund skule har vore pilotskule. Pilotskulen har prøvd ut handlingsrettleiingar og verktøy. Inneverande skuleår har alle som jobbar med born, unge og familiar i Kvam fått opplæring i BTI-modellen. Dette er eit systemarbeid som held fram neste skuleår med må om å verta eit verktøy for alle tilsette i Oppvekst.

<https://kvam.betreinnsats.no/>

## 9. Organisasjonsutvikling

### Rutinar/ systemarbeid som er under arbeid:

Eit viktig mål for skuleeigar er at elevane i Kvam får eit likeverdig tilbod, uavhengig av kva skule dei går på. Skulane skal ta vare på det unike ved skulen, men det som er av rutinar og system som kan vera likt, bør vera likt. I dette arbeidet nyttar me kvalitetssystemet Compilo. Inneverande år har dei tilsette vorte kjende med utarbeidde rutinar og system gjennom å ha ks- kurs for å verta kjend i compilo, slik at dei veit kor dei finn det som skal nyttast. Nedanfor er døme på system og rutinar som er laga dei siste åra, men som organisasjonen treng tid for å ta i bruk og verta ein naturleg del av drifta:

- Overgangar mellom barnehage og skule, og skule- skule
- Førebuing, gjennomføring og etterarbeid ved bruk av Elevundersøking prosedyre og Nasjonale prøvar
- Bruk av Acos websak for skuleleiinga og merkantilt tilsette; sakshandsaming- og arkivsystemet i Kvam herad
- System for oppfølging av §9A- saker; [Overordna plan for trygt og godt skulemiljø for grunnskulen i Kvam - Kvam herad \(www.kvam.no\)](#)
- Lik møtestruktur for alle skulane
- Foreldremøteplan med tema og ansvarleg teneste frå barnehage til 10. trinn
- Årshjul for eit heilskapeleg tilbod til elevane i Vaksenopplæringa
- Handlingsplan for §2.8, samt rutine enkeltvedtak særskild språkopplæring; [Handlingsplan for særskild språkopplæring \(framsikt.net\)](#)
- Utprøving av Visma sin rettleiar for skule; <https://www.visma.no/veilederen/>
- Bruk av Transponder; digital meldebok; [Digital meldingsbok \(Transponder\) - Kvam herad \(www.kvam.no\)](#)
- Leksepolitikk i Kvam

- Forskrift om GDPR frå 2018; kva dette har å seia for system, rutinar og den einskilde som jobbar i skulen
- Betre Tverrfagleg Innsats (BTI); [Kvam – BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Kvam herad \(betreinnsats.no\)](#)
- Plan for støttesystemet i Kvam
- Leseplan for Kvam
- Miljøretteleiarane i skulen- retningslinjer for organisering og innhald
- Rutine enkeltvedtak spesialundervisning
- Nye vedtekter og plan for SFO i Kvam

Grunnen til at dette vert delt i Tilstandsrapporten, er at me ynskjer å visa at ein del av dette systemarbeidet tek tid å få implementert i ein stor organisasjon, og krev mykje av skuleleiingane ved skulane og dei tilsette. Fyrste del er å få informasjon, men etterpå kjem arbeidet med å ta systemet i bruk. Dette tek tid, og fleire av punkta er tidkrevjande å gjennomføra og halda fokuset på.

## 10. Innblikk kvar skule 2020/21

### 10.1. Vaksenopplæringa

Dette skuleåret har det vore 9 tilsette, medrekna rektor.

Tenestetilbodet til Vaksenopplæringa er delt inn i 3 avdelingar.

**1) Grunnskuleopplæring for vaksne etter *Opplæringslova § 4 A-1***

**2) Spesialundervisning for vaksne etter *Opplæringslova § 4A-2***

**3) Norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrara etter *Introduksjonslova, kap.4, § 17.***

For dei som kom inn i målgruppa etter 01.01.21 gjeld *Integreringslova, kap.6, §§ 26-37*

Skulen vår gjennomfører også etter søknad, realkompetansevurdering på grunnskulen sitt område.

Dette er eit kommunalt ansvar etter *Opplæringslova, regulert i forskrifta § 4-13.*

Vaksenopplæringa i Kvam deltek i det regionale nettverkssamarbeidet i regi av Hardanger/Voss kompetanseregion og samarbeider på fleire område med dei andre vaksenopplæringane i regionen. Dette skuleåret er det skulen vår som har ansvar for å arrangera kursdagar/nettverkssamlingar for dei andre kommunane i regionen.

#### **1) Grunnskuleopplæring for vaksne:**

Opplæring i vitnemålsfag, deler av eit eller fleire fag, eller opplæring i ein eller fleire av dei grunnleggjande dugleikane i Læreplanverket. Vitnemålsfaga er: Norsk, engelsk, matematikk, samt to av faga: samfunnsfag, naturfag og RLE. Skuleåret 2021/22 deltok 16 elevar, 9 menn og 7 kvinner, alle med minoritetsbakgrunn i alderen 21-47 år.

#### **2) Spesialundervisning for vaksne på grunnskulen sitt område:**

Dei fleste deltakarane med spesialundervisning etter §4A-2, er i alderen 20-50 år. Det kjem årleg

til nye deltakarar som er ferdig med vidaregåande opplæring og som i livssituasjonen sin har særlege opplæringsbehov. Totalt har 20 elevar vedtak etter §4A-2 skuleåret 2021/22.

### **3) Grunnleggjande opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter**

#### **Introduksjonslova/Integreringslova:**

Deltakarane er flyktningar, familiesameinte med desse og familiesameinte med norske statsborgarar med rett/plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. I tillegg får også arbeidsinnvandrarar innanfor og utanfor EØS-området tilbod om opplæring. Desse har ikkje rett til gratis norskundervisning. Skuleåret 2021/22 har 50 vaksne fått norskopplæring med samfunnsfag. Talet stig vanlegvis utover skuleåret etterkvart som fleire i målgruppa flyttar til Kvam. Skulen arrangerte også dette skuleåret skriftleg og munnleg norskprøve fire gongar fordelt utover året. Prøveperiodane samsvarar med dei nasjonale prøveperiodane, bestemt av HK-Dir/Kompetanse Norge. Våren 2022 arrangerte me også 50-timars samfunnsfagkurs med påfølgjande obligatorisk prøve for dei som har rett/plikt til denne opplæringa etter lova.

**Digitalt utstyr og undervisning:** Me har fokus på digital kompetanse og bruk av digitalt utstyr i undervisninga. Me nyttar både Ipad og PC i opplæringa. I klasseromma nyttar me activeboard/digital tavle.

## 10.2. Strandebarm skule

### **Tilsette**

Skulen har tilsett kvalifiserte pedagogar og fagarbeidarar. Fagarbeidarane er både i SFO og skule. Skulen har ein miljørettleiar.

### **Prosjekt**

Strandebarm skule har fokus på uteskule på barnetrinnet der nærområdet vert nytta. Det har vore gjennomført to fjellturar, ein haust og ein vår.

Kvar haust vert forfattaren Jon Fosse markert. Frå 1.-10. trinn jobbar ein med tekstane hans på ulike måtar.

Gjennom ordninga Dekom har me fokus på djupnelæring og elevmedverknad. I samband med dette har det vorte gjennomført Internasjonal veke. Der alle klassane frå 1.-10. trinn har jobba gruppevis på tvers av fag og klassar med ulike land. Dette munna ut i ein utstilling/presentasjon der føresette og andre i bygdene våre kom på besøk. Over 100 personar kom innom skulen vår denne dagen.

### **Psykososialt miljø**

Elevane sin trivsel har vore i fokus heile skuleåret. På barneskulen har det vore jobba med sosiale mål i klassane. På ungdomsskulen har ein starta opp att med skulefrukost kvar fredag etter korona. Elevrådet har arrangert temadagar, og ungdomsskulen har hatt volleyballturneringar. Me har 13 flotte Trivselsleiarar som har ansvar for og leiar aktivitetar til medelevar i midttimen, to dagar i idrettshallen og ein dag ute på skuleplassen.

### **Fysiske tilhøve/ utstyr**

Me har ein del utstyr både ute og inne som byrjar å verte slitt. Når det gjeld uteområdet vert utstyret nytta av barn og unge på fritida, noko som og fører til auka slitasje. Me ønskjer oss ein gapahuk i skogen ved skulen.

### **Digitalt utstyr**

Det er pc-ar til alle elevane frå 4.-10. klasse. 1.-3. klasse nyttar nettbrett som dei deler på. Internett fungerer bra på skulen. Det er noko slitasje på elevpc-ane. Me har fått to nye digitale tavler.

### **Elevrådet**

Det er elevar frå 4.-10. klasse som sit i elevrådet ved skule. Elevrådsrepresentantane frå ungdomsskulen driv kantina. Dei har gjennomført ulike arrangement, mellom anna temaveke. Elevrådet er oppteken at det psykososiale miljøet til elevane. Skulen er medlem av Elevorganisasjonen.

### **FAU**

Skulen har eit engasjert FAU som er lett å samarbeida med. Dei er positive til skulen. Dei jobbar no bl.a med å finne ordningar for at det skal kome ein gapahuk i "uteskuleskogen".

## **10.3. Tørvikbygd skule**

### **Tilsette**

Fem tilsette lærarar med godkjend utdanning og ein fagarbeidar som er på SFO.

### **Prosjekt dette året**

#### **Lesing i fokus**

Skulen har hatt eit leseprosjekt dette året frå vinterferien til påskeferien. Der kvar ettermiddag har vore nytta til å styrkja lese og skrive kompetansen til alle elevane på skulen. Lærarane har funne bøker for ein kvar smak, interesse og vanskegrad. Alle elevane har ei arbeidsbok der dei har limt inn; lesebingo, bokmeldingar, spørsmål frå bøker dei har lese osv. Det var ein konkurranse mellom klassar og elevar kven som hadde lese flest minutt, premien var diplom og leksefri veke. Biblioteket har vore ein god plass for lån av bøker, men og lesing og etterarbeid etter ein har lese ei bok. Lesing og arbeid med leseprosjektet tok i bruk alle skulen sine rom og det vart og lesing i hengekøyer ute på fine dagar.

#### **Skulebibliotek**

Her skal alle elevane finna seg ei bok som interesserer dei og bøker som er tilpassa etter kva lesekompetanse ein har. For å motivera til meir lesing og meir bruk av skulebiblioteket har skulen kjøpt inn ein del nye bøker og prioriterer det i åra som kjem. Læraren som har ein norsktime på biblioteket i veka, tek inn dei ulike klassane og fortel om nye bøker som er komne.

#### **Uteskule**

Heile skulen har hatt fokus på å ha faste uteskuledagar kvar veke. Skulen har hatt gode undervisningsopplegg frå mange ulike fag, ikkje berre naturfag. Elevane har etter kvart vorte gode

på både å kle seg og jobba med skuleoppgåver ute. Skulen har ein fast gapahuk i skogen, dette er vårt "klasserom" ute. Elles har me brukt stolar, fjører og andre grøntområde rundt skulen.

### **Psykososialt miljø**

"Mitt val". Me har brukt opplegget i år som i fjor. Mitt val er eit opplæringsprogram om sosial og emosjonell læring. Både Ålvik og Tørvikbygd skule har nytta dette og alle klassane brukar programmet. Mitt val får gode tilbakemeldingar frå elevane.

Skulen har også trivselsleiarar som skipar til Trivselsleikar i tre langfriminutt i veka. Bibliotekassistentane har ope bibliotek to langfriminutt i veka.

### **Fysiske tilhøve/ utstyr:**

Me er få elevar på skulen og har god plass rundt oss både ute og inne.

### **Digitalt utstyr:**

Me har digitale tavler i alle klasserom. 1.kl har nettbrett, resten av elevane har pc.

### **Elevrådet:**

Det er elevar frå 4.-7. trinn som sit i elevrådet. Dei har fått gjennomgang av elevundersøkinga og uttalt seg om denne. Det har vore nokre sosiale aktivitetar på tvers av klassane i regi av elevrådet.

### **FAU:**

FAU har vore lite aktive dette skuleåret, men uttala seg i dei saker som har kome til dei.

FAU har i tillegg vore med og arrangert skulelunsj i samband med julefest på skulen, og er aktive med i 17. mai- feiringa.

## 10.4. Norheimsund skule

Skulen har kvalifiserte pedagogar, fagarbeidarar og assistentar. Me har òg ein miljøterapeut. Samla er det 52 tilsette og to lærlingar.

### **Prosjekt**

Våren 2022 har elevane øvd til ball. Læringsmåla er:

- Læra å dansa
- Sosial samhandling
- Oppleving av fellesskap
- Elevane blir rusta til å utvisa forståing og respekt for kvarandre
- Skikk og bruk ved eit fint måltid

### **Psykososialt miljø**

Vanlegvis har me kvar veke samling i amfisalen der elevane har ansvar for program. Programmet inneheld som oftast både felles aktivitetar og individuelle innslag på scena. Her brukar me både basisfag og musikk aktivt. Dette har me ikkje kunne gjennomføra i koronaperioden, men me har likevel gjennomført andre kjekke felles aktivitetar.

Før jul hadde me adventsamlingar ute der heile skulen var samla. Trinn 1 og 7 gjekk i Luciatog der dei song og delte ut Lussekattar. Som avslutning før juleferien gjekk heile skulen i lommelykttog, der klassane gjekk i sine kohortar. Lommelykttog song utanfor barnehagane i Norheimsund.

Etter vinterferien kom skulen tilbake til ein meir normal kvardag. Då kunne me igjen samlast i amfisalen og idrettshallen for å øva til ball og syngje ilag. Dette er noko både elevar og tilsette set stor pris på. Før 17.mai skal me øva på songar og gå i tog. Elevar på trinn 7 skal få visa fram Fossen Bratte-programmet. Skulen førebur seg no til ball i starten av juni.

Elevundersøkinga 21/22 viser at 5.-7. trinn samla ligg over nasjonalt nivå når det gjeld mellom anna trivsel, meistring og motivasjon på skulen. Likevel ser me at me har elevar som strevar i skulekvardagen. Det er difor god bruk for miljøterapeut som me har hatt dette skuleåret. Avdelingsleiarane arbeider og tett saman med lærarane på trinna, og det psykososiale miljøet er eit tema på lagmøta kvar veke.

### **Fysiske tilhøve/ utstyr**

Elevar og tilsette opplever utfordringar når det gjeld inneklima på skulen. Det er for dårleg luft i klasseromma. I nokre rom er det for varmt samstundes som det er for kaldt i andre.

Me har ein del utstyr både ute og inne som byrjar å verte slitt. Når det gjeld uteområdet vert utstyret nytta av barn og unge på fritida, noko som og fører til auka slitasje.

Det er diverre ofte utfordringar med nettverk og det digitale utstyret.

### **Digitalt utstyr**

Elevane på 4. til og med 7. trinn har skuleåret 21/22 hatt tilgang på kvar sin PC. Me ser at dette fungerer mykje betre enn ved deling. Neste år må også trinn 3 få tilgang til kvar sin PC. I tillegg må me ha minimum eit klassesett med iPad til både trinn 1 og trinn 2.

For å få best mogeleg utbytte av pc/iPad har skulen dette året kjøpt inn inn headset til alle elevane.

### **Elevrådet**

Elevrådet er aktivt og har møte kvar månad. Leiar og nestleiar i elevrådet er og medlemmer i skulemiljøutvalet. Elevrådet har arrangert to elevkveldar for elevane på 5.-7. trinn.

### **FAU:**

Skulen har eit svært engasjert og aktivt FAU. Dei har jobba med å få på plass to gapahukar på uteområdet til skulen. Grunna korona har arbeidet med Orrehaugen ikkje hatt framdrift slik som planlagt, men det har vore dugnader der foreldre har fått på plass den første gapahuken. Planlegging av den andre gapahuken er godt i gang.

## 10.5. Øystese skule

### Tilsette

Dette skuleåret har me, med eitt unntak, berre kvalifiserte medarbeidarar i alle pedagogiske stillingar. Men på grunn av tidvis stort sjukefråvære, har me måtta bruka vikarar som er under utdanning eller som ikkje er godkjende. På assistentsida har dei fleste utdanning som fagarbeidar. Alle har god realkompetanse i arbeidet sitt. Me har miljørettleiar for tredje år på rad, og her ser me mange positive ringverknader for elevar og tilsette. Me har gradvis endra litt på bruken av miljørettleiar. Skulen vår har god fordeling i personalet, både når det gjeld alder og kjønn. Me er ca 40 tilsette.

### Prosjekt

I vår har me gjennomført ei aktivitetsveke, «Venskapsveka», på tvers av alle trinna på skulen. Det overordna temaet er som vanleg positiv samhandling og venskap. Endeleg var det rom for aldersblanding, covid er ikkje like truande. Det vart såleis arrangert mange ulike gruppeaktivitetar, og også i år er eitt av resultatane eit kunstverk som alle elevane har bidrege med. Me har malt på veggene ved inngang vest. Det er også laga eit anna felles kunstverk. Biblioteket vårt har fått ei oppgradering

### Psykososialt miljø

Elevundersøkinga fortel at dei fleste er nøgde med å vera elevar ved Øystese skule. Likevel, når me har ein del som melder at dei tidvis vert mobba, så har me eit arbeid å gjera. Me arbeider målretta med dette, og på nokre av trinna ser me ei betring. Avdelingsleiarane arbeider tett saman med lærarane på trinna, og det psykososiale miljøet er eit tema på lagmøta kvar veke. Inspeksjonen (tilsyn i friminuttane) er god, fordi me har avdekkja at konfliktane startar ofte ute. Ein strategi hjå oss har vore å ha gode fellesaktivitetar.

### Fysiske tilhøve/ utstyr

Øystese skule har mangel på høvelege rom; både ein del spesialrom, møterom, og grupperom. Me veit at ei større oppgradering er på gang. Me har endeleg fått nytt skulekjøken og kantine.

### Digitalt utstyr

Klasseromma har elektroniske tavler, og me har fått PC til fleire elevar gjennom året. Eigen PC til alle elevar frå 3.-7. trinn. God auke dei siste åra.

### Elevrådet

Elevrådet har jamlege møte, om lag kvar 2. veke. Utanom å vera med å påverka, er ei viktig oppgåve for elevrådet å arrangera elevkveldar. Det har vore arrangert 3 elevkveldar.

### FAU

Skulen har eit engasjert FAU. Det siste som har engasjert er uteområdet, og særleg fotballbingen. Dei var også med på å arrangera venskapsveka. FAU skal straks i gong med å arrangera aktivitetsskveld for elevane på 4.-7. trinn.

## 10.6. Ålvik skule

### **Tilsette**

Skulen har i dag 6 lærarar, 3 fagarbeidarar og ein lærling. Til vikarar nyttar me hovudsakleg kvalifisert personell, men må til tider nytta ufaglærte.

### **Prosjekt**

#### **Dekom**

Skulen har no i vår avslutta samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Me fekk forlenga prosjektet noko på grunn av Covid-19, og dei utfordringane det førte med seg med tanke på samarbeid. I vår fekk me gjennomført fysiske møte på skulen. Noko av arbeidet går ut på at lærarane må syna elevane fleire inngangsportar til læring, slik at dei får koma i gong med tankar og kjensler før skrivinga kan starta. Elevane skal meistra grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse. Kontaktpersonane frå HVL har god kompetanse innanfor digitalisering i skulen. Prosjektet så langt har gitt ein auka kompetanse innan det å nytte digitale hjelpemiddel, prøva ut og feila saman med elevane. Dette er heilt i tråd med LK20.

### **Andre opplæringsarenaer**

Dei yngste elevane nyttar Auganes- fjøra. Dei eldste elevane brukar både skogen og fjøra alt etter kva ein jobbar med fagleg. Me er flinke til å takke ja til tilbod både på Kabuso og DKS.

### **Psykososialt miljø**

Me har felles sosiale mål for alle elevane på skulen. Desse vart utarbeidd av elevrådet og tilsette. Me har eit hovudmål for åtte veker om gongen. Det går mykje på korleis kvar enkelt skal oppføra seg for at me saman skal få eit godt skulemiljø. Desse måla synleggjer me godt der elevane oppheld seg. Kontaktlærar har ansvar for ein time kvar veke der ein arbeider med det psykososiale måla i klasserommet. Me nyttar også helsesjukepleiar til den gode samtalen og oppfølging for elevar som treng noko ekstra støtte i kvardagen. Me opplever eit tett og godt samarbeid skulehelse rundt elevane våre. Dette gjeld også skule – skulelege.

### **Fysiske tilhøve/ utstyr**

Me har gode rom, inneklima og toaletttilhøve. Arbeidsforholda for både elevar og tilsette er bra. Sommaren 2021 fekk me slått saman eit møterom og eit klasserom slik at me fekk plass til 18 elevar. Klasseromma på skulen er bygd for max 16 elevar. Gymsalen frå 1960 er dårleg. Der treng me oppussing og ventilasjonsanlegg.

### **Digitalt utstyr**

Alle elevane i 1.-3. trinn har eige nettbrett, 4.-7. trinn eigen PC. Me har hatt høve til innkjøp av noko ekstra utstyr i samband med Dekom.

### **Elevrådet**

Det er elevar frå 4.-7. trinn som sit i elevrådet. Dei har fått gjennomgang av elevundersøkinga og uttalt seg om denne.

### **FAU**

Me har eit aktivt FAU. Dei arrangerer ein dugnad for vedlikehald av skuleplassen. Dei pussar no opp ei brakke som me skal få ha til sløydsal.

## 10.7. Kvam ungdomsskule

### **Tilsette**

Skulen har tilsett kvalifiserte pedagogar, fagarbeidarar/ assistentar. Skulen har miljørettlear som følgjer opp elevane på ein svært god måte. Skulen har og ein god merkantil ressurs. Likevel har året vore prega av store utfordringar med høg del sjukemelde og mangel på vikarar.

### **Prosjekt**

Kvam ungdomsskule har mange lærarar som brenn for god undervisning og lagar spennande opplegg for elevane. Me har vidareført prosjektet "Bærekraftvekene" for elevane på 9. trinn.

8. trinn har prøvd eit nytt leseprosjekt som har fått namnet "Ein litterær 71 grader nord". 10. trinn har heldigvis fått gjennomført Vinterfesten på tilnærma "normalt" vis.

### **Psykososialt miljø**

Me ser at me har ulik trivsel på skulen vår, og har auke på tal elevar som vegrar seg for å gå på skulen. Fleire ressursar enn tidlegare vert brukt til oppfølging av elevar som ikkje er på skulen. Godt samarbeid med alle involverte partar har likevel tryggja mange elevar til ein føreseieleg skulekvardag. Nærvær av hjelpetenestene på skulen kvar veke gjer samarbeidet godt og føreseieleg. Miljørettlear, helsesjukepleiarar, utekontakt og skulelege har med sitt arbeid bidrege til samtalar med einskildelevar, tid i klassane, og ulike aktivitetar. Dette har vore avgjerande for læringsmiljøet til elevane. Skulen har starta å laga planar for meir systematisk arbeid mot rasisme, mobbing og rusførebygging.

### **Fysiske tilhøve/ utstyr**

Skulebygget ber preg av manglande vask utvendig og slitasje/hard bruk innvendig. Året har diverre vore prega av ein del hærverk på skuleområdet ute, og inne. Hærverk er gjort av skulen sine egne elevar, men det vert og gjort hærverk av ungdommar som oppheld seg på skulen sitt området på ettermiddag- og kveldstid. Me har i vår starta opp arbeidet med langsiktige og kortsiktige tiltak for å førebyggja hærverk. Elevrådet er involvert i arbeidet. Me ser at me treng arbeida meir for eit trivelegare skuleområde til neste år.

### **Digitalt utstyr**

Alle elevane ved skulen har velfungerande datamaskiner og headset. Det er kjøpt inn 6 nye digitale tavler til klasseromma.

### **Elevrådet**

Elevrådet har møte ein gong i månaden der miljørettlear på skulen er med. Elevrådet driv elevkantina. Elevrådet har ansvar for trivselstiltak som førjulskos, utkledningsveke og pynting av fellesareal. Me ynskjer å satsa på eit meir aktivt elevråd dei neste åra. Me vil styrkja kompetansen til elevrepresentantane i elevrådsarbeid og auka "statusen" ved å synleggjera elevrådet si stemme og medverknad i skulekvardagen.

### **FAU**

Året har delvis vore prega av corona og sjukdom i administrasjonen. Det har likevel vore gjennomført samarbeidsmøte med FAU. På bakgrunn av innspel frå FAU vart det arrangert

foreldremøte om nettvert med politi og utekontakt for alle foreldre/føresette i vinter. Skulen vil arbeida for eit tettare samarbeid med FAU til neste år.

## 10.8. Tilstandsrapport Norheimsund friskule

Norheimsund Friskule er godkjent som ein kristen friskule, og skal i flg. Friskulelova § 5-2 tredje ledd rapportere om tilstanden i skulen **til styret for skulen**, som er definert som skuleeigar.

Sjølv om det ikkje er lovpålagt, vil me også dette året etter oppmoding frå Kvam herad lage ein tilstandsrapporten som Kvam herad får, etter mal frå dei offentlege skulane i Kvam.

På teljedato 1. oktober 2021 hadde Friskulen 39 elevar, ein auke på 10 elevar i forhold til sist skuleår. Etter jul har det flytta over ein elev frå den offentlege skulen i Kvam, og det er no 40 elevar fordelt på 1.-10. trinn på skulen. Ingen elevar har slutta på skulen i løpet av skuleåret.

Me er framleis lokalisert i gamle Vikøy/Aksnes skule, har oppgradert bygningsmassen og uteområdet der. Sommaren 2021 kjøpte me fem brakkemodular som me har sett saman til eit stort klasserom og to små grupperom, i tillegg til toalett og vaskerom. Modulbygget fekk me godkjent i januar, og det er blitt veldig gode og tenlege rom. Dette skuleåret har me ca 8,7 årsverk, fordelt på 16 personar, 3 menn og 13 kvinner.

Skulen har kvalifiserte lærarar i nesten alle fag, nokre held på med vidareutdanning via kompetanse for kvalitet.

Me har forholdsvis få elevar på kvart trinn, slik at resultatata på **nasjonale prøvar** ikkje blir tilgjengelege for andre enn me som skule. Også dette året har me hatt fleire skalapoeng enn dei skulane i Kvam som ein får fram i analyseprogrammet, både på 5. trinn og 8. og 9. trinn. Me ligg og over det landsgjennomsnittet har lege på. Me har til dels vore strengare med standpunkt-karakterane enn det elevane klarer på eksamen, men dei siste to-tre åra har ikkje det vore mogleg å samanlikne, sidan eksamen har vore avlyst. Me jamt over gode standpunktkarakterar.

Skulen har hatt få saker som utløyser Aktivitetsplan dette skuleåret, og på Elevundersøkinga som me gjennomfører på 7.-10. trinn kvart år, har me veldig gode resultat på det som går på psykososialt miljø. Det skulen framleis må jobbe meir med, er å la elevane vere meir aktivt med i planlegginga av undervisninga.

Skulen jobbar systematisk med det psykososiale elevmiljøet og har blant fokus på eit verdiomgrep kvar månad. Rektor introduserer omgrepet i ei fellessamling og me jobbar med det i morgon-samlingane og der det høver seg i dei ulike faga. Verdiomgrepa for dette skuleåret har vore **kunnskap, toleranse, mot, rettferd, kulturar, vennskap, solidaritet, menneskerettar, nøysemd, identitet og nestekjærleik**. Elevane er og med i Trivselsleiarprogrammet.

Temaveka vår dette året har vore Vinter OL, og me hadde tre flotte aktivitetsdagar på Sjusete, Furedalen og i området rundt skulen. Det var utruleg kjekt å sjå barn og unge som utfordra seg sjølv og som fekk opplevde gode meistringsopplevingar. Me har og hatt eigne tverrfaglege dagar

med tema Folkehelse og livsmeistring, med fokus på eit sunt sjølvbilete. Elevrådet pleier lage til overnattingskveldar på skulen for 5.-10. klasse eit par gongar i året.

Systematisk begrepsundervisning er framleis den pedagogiske ramma rundt undervisninga vår, og me opplever at elevane lærer best på den måten. Dette og neste skuleår har skulen fått desentraliserte kompetansehevingsmidlar og heile kollegiet jobbar med **programmering** i lag med NLA, sidan det i fagfornyninga er fokus på programmering i mange fag.

Friskulen jobbar godt i lag med PPT, barnevern og anna hjelpeapparat i Kvam. Skulen har 1:1 når det gjeld elev PC'ar , i tillegg har me ca 18 nettbrett som elevane kan nytte. Me har projektorar i alle rom som blir nytta til undervisning. Friskulen leiger Framnes Arena til gymnastikk og symjebassenget på Framnes til symjeopplæring.

# 11. Konklusjon

Tilstandsrapporten skal gje eit oversiktleg bilete av situasjonen i skulane i Kvam, både det me er nøgde med, og det me bør forbetra.

Me er nøgde med at skulane har gode resultat på nasjonale prøvar og i elevundersøkinga, men det uroar at det er for store skilnader frå år til år og mellom skulane. Systematisk arbeid med gode rutinar, system, oppfølging og erfaringsdeling mellom skulane i Kvam er under utvikling, men dette krev tid å få implementert. Oppfølgingsordninga vil vera ein moglegheit til å få eit blick utanfrå til å sjå på kva me må endra for å bli betre, og kva som er bra og må takast vare på. Ny Læreplan og undervisning i tråd med denne må få meir merksemd, og saman med elevane må me skapa engasjement for det å læra. Den ordinære undervisninga må styrkast. Eleven skal vera i sentrum.

Det har vore nok eit krevjande skuleår, og me er glade for at me no endeleg kan sjå fram til eit normalt skuleår kor me kan fokusera på anna enn handtering av pandemi. Det har vore tøft for elevar og tilsette, og kan på ulike måtar ha påverka negativt på motivasjonen for elevar og tilsette. Pandemien har ført til at det i periodar har vore stort sjukefråvær og store utfordringar med å skaffa nok vikarar. Dei som har vore på skulen til ei kvar tid har strekt seg langt for at elevane skal få eit så godt opplæringstilbod som mogleg.

Skulesektoren ynskjer å ha fokus på fylgjande neste skuleår:

- Ny læreplan og undervisning
- Udir si oppfølgingsordning- forfasen
- Implementering av punkta under organisasjonsutvikling
- Laga tilbod om alternativ opplæringsarena for elevar i Kvam
- Laga og prøva ut ny plan for rettleiing av nyutdanna i barnehage og skule i Kvam

**Målet vårt er at alle tilsette, elevar, føresette og innbyggjarar skal kjenna Kvammaskulen som ei eining. Kvammaskulen treng samarbeid mellom elevar, tilsette, føresette, skuleleiing, administrativ og politisk leiing for å dette til.**

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	08.06.2022	070/22
Kvam heradsstyre	14.06.2022	079/22
Kvam Ungdomsråd	13.06.2022	045/22

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksh.: Steine, Astrid-Anett	Objekt:	22/2256 - 1

### Tilstandsrapport barneverntenesta 2022

#### *Behandling i politiske utval:*

#### **08.06.2022, FSK- 070/22 Vedtak:**

*Kvam heradsstyre har drøfta Tilstandsrapport for barnevernet 2022 og tek han til vitande.*

**Saksordførar: Stig Aase, SP**

#### **13.06.2022, URÅD- 045/22 Vedtak:**

*Kvam heradsstyre har drøfta Tilstandsrapport for barnevernet 2022 og tek han til vitande.*

#### **14.06.2022, HST- 079/22 Vedtak:**

*Kvam heradsstyre har drøfta Tilstandsrapport for barnevernet 2022 og tek han til vitande.*

---

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

*Kvam heradsstyre har drøfta Tilstandsrapport for barnevernet 2022 og tek han til vitande.*

### **Samandrag:**

Barnevernstenesta arbeider etter Lov om barneverntenester. Det er fokus på å overhalda lovkrava til sakshandsaminga og det skjer sjeldan avvik. I 2021 mottok barnevernet 168 uromeldingar om born i kommunen. Barnevernet har hatt tilnærma ordinær drift gjennom pandemiåra. Me har omorganisert oss og skal prøva ut dette fram mot november 2022. Barnevernreforma som trådde i kraft frå 2022, vil påverka kommunen sitt arbeid i heile oppvekstsektoren. Reformen vil medføra auka eigendelar, meir samarbeid med andre tenester og kommunar, fleire lokale tiltak og auka fokus på ettervern. Eit viktig mål i barnevernreforma 2022 er betre førebyggjande innsats og samarbeid. Me meiner at Kvam allereie har kome langt i å vri innsatsen i retning førebygging og tidleg innsats. I tillegg til å jobba etter vedtak frå barnevernstenesta, tilbyr Familiesenteret også råd, rettleiing og kurs til foreldre som ber om det. Førebyggingsfokuset er me stolte av, og me meiner det gjev eit godt tilbod til innbyggjarane i Kvam. Samstundes ser me at det har gjeve ei slagside, ved at me har lågare kapasitet til innsats inn i familiane som strevar mest. Over tid, ser me at dette gjev utfordringar. Me merker det på kapasitet og utviklingsarbeid. Dette arbeidet er heilt naudsynt for å oppfylla krava til endå sterkare kommunal innsats for å førebyggja flytting av barn og betra deira levekår heime. Me ser at me særleg treng:

- Raskare bistand frå tiltaksarbeidarane i akutte situasjonar og mens motivasjonen er til stades i familiane.
- Auka breidde i innsats/tiltak.
- Tettare oppfølging av enkelte familiar
- Tettare oppfølging av og kurs til fosterheimar
- Tiltaksutvikling

Kvam herad sine samla utgifter til barnevern ligg noko lågare enn snittet i fylket og landet. Viktige satsingar for barnevernet i 2022 er:

- Framleis deltaking i BTI-satsinga og implementeringsarbeidet.
- Halda fram arbeidet i konsultasjonsteamet mot vald og overgrep.
- Bruk av Vestlands-modellen i vårt arbeid med familiar som lever i omfattande konflikt.
- Delta i prosjektarbeid saman med Voss og Hardanger barnevern om fosterheimsoppfølging.
- Framleis fokus på vidareutdanning og kursing.
- Evaluera alle tiltaksplanar minst kvar 6. månad.
- Utvikla tiltak for å hjelpe familiane som strever mest og som står i fare for å mista omsorga for borna sine.
- Etablera føremålstenleg samarbeid med andre kommunar om nye oppgåver etter barnevernreforma 2022.
- HMT-arbeid med fokus på å ta vare på dei tilsette i tenesta.
- Innkjøp av nytt fagprogram som skal takast i bruk i 2022.
- 

### **Vedlegg i saka:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
53731	Tilstandsrapport barnevern 2022

**08.06.2022 Kvam formannskap**

**Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

**FSK- 070/22 Vedtak:**

Kvam heradsstyre har drøfta Tilstandsrapport for barnevernet 2022 og tek han til vitande.

**Saksordførar: Stig Aase, SP**

**13.06.2022 Kvam Ungdomsråd****Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

**URÅD- 045/22 Vedtak:**

Kvam heradsstyre har drøfta Tilstandsrapport for barnevernet 2022 og tek han til vitande.

**14.06.2022 Kvam heradsstyre**

Tilråding frå FSK vart samrøystes vedteken

**HST- 079/22 Vedtak:**

Kvam heradsstyre har drøfta Tilstandsrapport for barnevernet 2022 og tek han til vitande.

**Saksopplysningar:**

Frå 01.01.2021 er det nytt lovkrav om at barneverntenesta årleg skal utarbeida ein tilstandsrapport som skal gjera greie for tilstanden i tenesta. Rapporten skal leggjast fram for heradstyret som har det overordna ansvaret for at barneverntenesta jobbar i tråd med gjeldande lovverk og at tenestene er forsvarlege.

Føremålet med rapporten er å gje heradstyret betre innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barneverntenesta. Målet er å sikra betre prioriteringar og kontroll i kommunane.

Rapporten som vert lagt fram er den andre som er blitt utarbeidd for barneverntenesta i Kvam. I arbeidet med rapporten har tenesta teke utgangspunkt i Barne-ungdoms- og familiedirektoratet(BUF-dir) sin mal for utarbeiding av tilstandsrapport. Buf-dir har også utarbeidd veiledning/støttmateriale til kommunane i dette arbeidet.

[https://bufdir.no/fagstotte/produkter/tilstandsrapportering\\_for\\_kommunale\\_barnevernstjenester/](https://bufdir.no/fagstotte/produkter/tilstandsrapportering_for_kommunale_barnevernstjenester/)

Ein god tilstandsrapport skal gje både politikarane, tilsette og innbyggjarane innsikt i korleis

barnevernet arbeider og kva problemstillingar tenesta møter på. Rapporten kan leggja grunnlag for dialog om prioriteringar og forventningar til tenesta samt at han også kan bidra til meir kjennskap og innsikt i barnevernet sitt arbeid.

#### Kvalitetsutvikling og internkontroll

Tilstandsrapporten skal vera ein del av kvalitetsutviklinga i barnevernet og ein del av internkontrollen i tenesta. Prosessen med å utarbeida rapporten, og drøftingar og diskusjonar av innhaldet og prioriteringar i etterkant skal gje auka merksemd mot kva som er eit godt barnevern. I tillegg kan rapporten vera eit viktig redskap i internkontrollarbeidet. For å ha kontroll og intern styring av tenesta må politikarane har oversikt over korleis tilstanden og kvaliteten er, og denne rapporten kan gje ein slik oversikt.

#### Involvering

Buf-dir oppmodar kommunane om å ha ein dialog mellom administrasjon og folkevalgte om kva rapporten skal innehalda. Rapporten skal gje folkevalte tilstrekkeleg med informasjon slik at dei blir i stand til å setja retning for tenesta. Det bør vera formelle strukturar for politisk involvering på plass.

Eksempel på slike strukturar kan vera:

- Barneverntenesta skriv rapporten, og sender han til ulike samarbeidspartar og nivå(adm/pol) i kommunen til gjennomlesing/innspel før handsaming

Denne andre rapporten er utarbeidd av barneverntenesta med innspel frå Familiesenteret som utfører oppdrag/gir hjelp/støtte og veiledning til barn/familiar på vegne av barnevernet. Folkevalgte har ikkje vore involvert i utarbeiding av rapporten.

Frå tenesta si side er det ynskjeleg at det kjem på plass formelle strukturar for involvering slik at barneverntenesta veit korleis dei folkevalgte ynskjer at prosessen skal vera neste gong. Rådmannen ber om innspel på dette i samband med den politiske handsaminga.

#### **Vurdering:**

Rådmannen vurderer at tilstandsrapport vil gje både folkevalde, tilsette og innbyggjara ne i Kvam betre innsikt og kjennskap til barneverntenesta. For heradstyret vil rapporten gje grunnlag for prioriteringar, ikkje berre innanfor barnevernfeltet , men også innanfor heile oppvekstfeltet.

Barnevernsreforma som tredd i kraft 01.01.2022 er like mykje ein oppvekstreform. I ny barnevernlov er det kome lovkrav om at heradstyret skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid for å førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem. Departementet sitt argument for dette lovkravet er at ein plan som er vedteken av heradstyret får ei overordna forankring, inkludert fordeling av ressursar til dette arbeidet. Ein slik plan vil vera eit viktig verktøy for å sikra systematisk innsats for å leggja til rette for heilskaplege tenester til barn og unge.

Tilstandsrapporten må sjåast i samanheng med andre prosessar, planar og aktuelle saker i heradet. Departementet vurderer at det kan vera hensiktsmessig å handsama tilstandsrapporten i samband med budsjettprosessen i kommunen og f.eks sjå rapporten i samanheng med tilstandsrapport for barnehage og skule. Rådmannen legg derfor fram alle

tilstandsrapportane i denne møtebolken.

Tilstandsrapporten for barneverntenesta viser at Kvam herad har ei velfungerande teneste som jobbar godt i tråd med lov og forskrift. Tenesta har jobba målretta med å oppfylle lovkrav til sakshandsaming og det gir resultat. Samtidig er det alltid område som kan vidareutviklast. Tenesta ynskjer å driva kontinuerleg med kvalitetsutvikling og kvalitetsforbetring, men det siste året har det vore mindre tid til dette arbeidet så tenesta har ikkje fått jobba så mykje med dette som ynskjeleg.

Ei utfordring for barnevernfeltet i heile landet er rekruttering og stabilitet i tenesta. Dette har vore jobba systematisk med. Det er liten turnover i barnevernet i Kvam, og ved utlyste sakshandsamarstillingar har det alltid vore kvalifiserte søkjarar, noko som er gledeleg. I samband med barnevernsreforma er det etablert samarbeid med Voss og Hardanger barnevern om nye oppgåver.

# Tilstandsrapport for barneverntenesta i Kvam herad, 2022



Teikna av: Eli Rake

## Innhold

Innleiing.....	3
Samandrag.....	4
Om barnevern.....	5
Presentasjon av verksemda .....	7
Temaområde.....	8
Bakgrunnsinformasjon/demografi .....	8
Barnevernreforma 2022.....	9
Mål med barnevernsreforma.....	9
Meldingar.....	10
Undersøkingar .....	12
Tiltak.....	13
Familiesenteret si rolle i tiltaksarbeidet.....	15
Fosterheim .....	16
Hasteflytting/akuttvedtak:.....	17
Ettervern .....	17
Kvalitet.....	18
Bemanning og kompetanse .....	19
Økonomi .....	20
Samarbeid med andre sektorar.....	21
Førebyggjande arbeid.....	22
Foreldrestøttande tiltak. ....	23
Støttesystem i skule og barnehage.....	24
Fritid.....	24
Utekontakten. ....	24
Barn som pårørande. ....	24
Familiesenteret si rolle i det førebyggjande arbeidet.....	25
Utfordringsbiletet .....	25
Innsatsområde og tiltak.....	26

## Innleiing.

Barneverntenesta leverte fyrste tilstandsrapport til heradsstyret i Kvam i 2021. Me er glade for mogelegheita til å gjere politikarane betre kjent med barneverntenesta, og for å auka bevisstheita om kva som er godt barnevern. God politisk styring føreset kunnskap og innsikt. Fleire politikarar har sakna slik informasjon. Me har valt å ta utgangspunkt i same rapportmal som førre år. Skulle det vera særlege tema eller interesser de politikarar ønskjer å få presentert i Kvam sine tilstandsrapportar, så kom gjerne med innspel. Barnevernfeltet har historisk utvikla seg gjennom dialog, brytningar, ueinigheiter, lovendingar, fagutvikling og økonomiske rammer. De politikarar er viktige leverandørar av rammene for vår verksemd, både lokalt og nasjonalt. Derfor er det viktig for oss at det me skriv har nytte og interesse og gjev grunnlag for gode avgjersler.

Lov om barneverntjenester §2-1:

Kommunestyret selv skal minst én gang i året få en redegjørelse om tilstanden i barneverntjenesten.

### Ansvar

Kommunens øverste politiske og administrative ledelse har det overordnede ansvaret for at barneverntjenesten forvaltes i tråd med gjeldende regelverk og at tjenestene er forsvarlige.

Kommunen har ansvar for styringen av barnevernet og for å ha en systematisk kontroll som sikrer at den kommunale barnevernstjenesten utfører sitt arbeid i tråd med regelverket, slik at barn og familier får den hjelpen de har behov for. Både kommuneloven og barnevernloven har bestemmelser som skal sikre dette.

Kommuner som jobber godt med faglig utvikling av barnevernet og samordning av tjenestetilbudet, kjennetegnes ofte av at den politiske og administrative ledelsen er tett på arbeidet, vurderer kvaliteten i egne tjenester og stiller klare forventninger.

## Samandrag

Barnevernstenesta arbeider etter Lov om barneverntenester. Det er fokus på å overhalda lovkrava til sakshandsaminga og det skjer sjeldan avvik. I 2021 tok barnevernet imot 168 uromeldingar om born i kommunen. Barnevernet har hatt tilnærma ordinær drift gjennom pandemiåra. Me har omorganisert oss og skal prøva ut dette fram mot slutten av 2022.

Barnevernreforma som trådde i kraft frå 2022, vil påverka kommunen sitt arbeid i heile oppvekstsektoren. Reforma vil medføra auka eigendelar, meir samarbeid med andre tenester og kommunar, fleire lokale tiltak og auka fokus på ettervern.

Eit viktig mål i barnevernreforma 2022 er betre førebyggjande innsats og samarbeid. Me meiner at Kvam allereie har kome langt i å vri innsatsen i retning førebygging og tidleg innsats. I tillegg til å jobba etter vedtak frå barnevernstenesta, tilbyr Familiesenteret også råd, rettleiing og kurs til foreldre som ber om det. Førebyggingsfokuset er me stolte av, og me meiner det gjev eit godt tilbod til innbyggjarane i Kvam. Samstundes ser me at det har gjeve ei slagside, ved at me har lågare kapasitet til innsats inn i familiane som strevar mest. Over tid, ser me at dette gjev utfordringar. Me merker det på kapasitet og utviklingsarbeid. Dette arbeidet er heilt naudsynt for å oppfylle krava til endå sterkare kommunal innsats for å førebyggja flytting av barn og betra deira levekår heime. Me ser at me særleg treng:

- Raskare bistand frå tiltaksarbeidarane i akutte situasjonar og mens motivasjonen er til stades i familiane.
- Auka bredde i innsats/tiltak.
- Tettare oppfølging av enkelte familiar
- Tettare oppfølging av og kurs til fosterheimar
- Tiltaksutvikling

Kvam herad sine samla utgifter til barnevern ligg noko lågare enn snittet i fylket og landet.

Viktige satsingar for barnevernet i 2022 er:

- Framleis deltaking i BTI-satsinga og implementeringsarbeidet.
- Halda fram arbeidet i konsultasjonsteamet mot vald og overgrep.
- Bruk av Vestlands-modellen i vårt arbeid med familiar som lever i omfattande konflikt.
- Delta i prosjektarbeid saman med Voss og Hardanger barnevern om fosterheimsoppfølging.
- Framleis fokus på vidareutdanning og kursing.
- Evaluera alle tiltaksplanar minst kvar 6. månad.
- Utvikla tiltak for å hjelpa familiane som strever mest og som står i fare for å mista omsorga for borna sine.
- Etablere føremålstenleg samarbeid med andre kommunar om nye oppgåver etter barnevernreforma 2022.
- HMT-arbeid, med fokus på å ta vare på dei tilsette i tenesta.
- Innkjøp av nytt fagprogram som skal takast i bruk i 2022.

## Om barnevern

Barneverntenesta er ei lovpålagt teneste som arbeider etter Lov om barneverntenester. Sjå informasjonsboksen under, henta frå Lovdata.

### Kort om loven:

Barnevernloven har som formål å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid, samt at barn og unge skal sikres trygge oppvekstvilkår, se § 1-1.

Barnevernloven og barnevernretten bygger på tre hovedprinsipper: det biologiske prinsipp, minste inngreps prinsipp og hensynet til barnets beste. Disse prinsippene ligger til grunn for utøvelse av myndighet i tråd med barnevernloven, og er styrende for de avgjørelsene som blir fattet etter denne loven.

Alle som oppholder seg i Norge, og som er under 18 år, er omfattet av loven. I noen tilfeller kan også de som har fylt 18 år få hjelp fra barnevernet fram til de er 23 år dersom de samtykker til hjelpen, se § 1-3.

Det er i første rekke foreldrene som har ansvar for sine barn. Barnevernloven gir regler om det offentlige ansvar for barn, som kommer i andre rekke. Sentralt for det offentlige ansvar er tiltak og inngrep som kan gjøres overfor barn og familier. Loven har regler om hvilke tiltak som kan iverksettes, innholdet i tiltakene, og hva som skal til for at det kan gjøres inngrep.

Barnevernloven inneholder blant annet regler om hjelpetiltak i hjemmet, omsorgsovertakelse, samværrett, fratakelse av foreldreansvar og adopsjon. I tillegg har loven regler om hvem som har myndighet til å treffe ulike avgjørelser, om saksbehandlingen og om hvordan avgjørelser kan overprøves av domstolene.

Barneverntjenesten har ansvaret for å følge opp alle barn de overtar omsorgen for. Barnets beste er et grunnleggende hensyn ved alle barnevernfaglige vurderinger og avgjørelser. Alle avgjørelsene som tas om barnet skal være til barnets beste, se særlig § 4-1.

Loven fordeler ansvar for barnevern mellom staten og kommunen. Kommunen har ansvar for alle oppgaver som ikke spesifikt er lagt til staten, se § 2-1.


Oppdatert 17. november 2020.

Føremålet med lova er å sikra at born og unge som lever under tilhøve som kan skada helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp, omsorg og vern til rett tid. Lova skal bidra til at born og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle born og unge får gode og trygge oppvekstvilkår. Me som arbeider i forvaltningsbarnevernet skal i tillegg forhalda oss til mange andre lover, rundskriv, domar, forskrifter og anna i vårt daglege arbeidet. Som mange vil kjenna til frå media har Noreg blitt felt i den europeiske menneskerettsdomstolen. Fleire barnevernssaker har fått kritikk. Desse domane, og påfølgande avgjersler i Høgsterett, påverkar det daglege arbeidet i kommunane. Dette gjeld særleg for vurderingar knytt til samværsummåling, tilbakeføringskrav og oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking. Mange tenkjer på omsorgsovertakingar når dei tenkjer barnevern. Dette sjølv om berre 1 % av alle barn Norge i alderen 0-17 år bur i fosterheim og sjølv om dei fleste som er i kontakt med barnevernet får frivillige hjelpetiltak. Råd og rettleiing er det mest brukte hjelpetiltaket.

I tenesta vår tenker me derfor at det er viktig med god informasjon om det arbeidet me faktisk gjer, og at tenesta er transparent og avgjerslene våre kan etterprøvast. Dette stiller høge krav til dokumentasjon og ryddig saksbehandling.



Saksgangen er i hovudsak delt inn i tre faser: mottak, undersøking og tiltak.



I dei fleste barnevernssaker tyder tiltaksfasen hjelpetiltak i heimen (sjå meir under tiltak). I særlege tilfelle kan det også medføra tiltak utanfor heimen, som fosterheim og institusjonsplassering (sjå under fosterheim). I tillegg vil det i alle faser kunna gjerast akuttvedtak (sjå under hasteflytting/akuttvedtak).

## Presentasjon av verksemda



Barneverntenesta i Kvam er organisert under oppvekst og rapporterer på 10,3 stillingar. Av desse er to stillingar knytt direkte til tiltak, og ei halv stilling er merkantil. Ei stilling er barnevernleiar, og dei resterande 6,8 stillingane er sakshandsamarstillingar. Bemanninga auka med ei 40%-stilling i 2021. Me er organisert etter ein såkalla generalistmodell, der alle sakshandsamarar skal kunne dekkja tenesta sitt ansvarsområde. Dette ser me på som føremålstenleg for å oppnå naudsynt fleksibilitet og kapasitet i ei lita barnevernsteneste.

I november 2020, omorganiserte me. No har tenesta fått ein assisterande barnevernleiar og to fagstillingar. Dette er sakshandsamarar som har tatt på seg nye oppgåver i tillegg til dei oppgåvene dei allereie hadde som sakshandsamarar i tenesta. Det er ikkje tilført nye ressursar i denne prosessen. Målet er å fordela ansvar, kompetanse og oppgåver på fleire hovud og hender. Siste kvartal i år skal me evaluera dette prosjektet.

Barneverntenesta har ei stilling som miljøarbeidar. Dette er ei tiltaksstilling med fokus på heimebasert hjelp og tett oppfølging av enkeltfamiliar eller ungdom. Miljøarbeidaren tilbyr praktisk hjelp på mange område, samarbeider med privat og offentleg nettverk, og gjev støtte, råd og rettleiing innan aktuelle utfordringar.

Barneverntenesta har 50 % merkantilressurs. Vår merkantiltilsette har også ei 40 % stilling ved PPT.

Barneverntenesta rapporterer også på ei stilling som i dag er organisert i Familiesenteret. Familiesenteret arbeider på oppdrag frå barneverntenesta og leverer viktige tiltak, hovudsakleg innan rådgjeving og rettleiing. Dei arbeider også med tidleg innsats og kurs for familiar, med ein breiare del av befolkninga som målgruppe. Då arbeider dei ikkje på oppdrag frå barneverntenesta, men ut frå det generelle mandatet til å driva førebyggjande arbeid i kommunen. Familierettleiarane kan tilby evidensbaserte rettleiingskurs og generell rettleiing og støtte.

Det er eit krav at alle kommunar skal ha akuttberedskap utanom barneverntenesta si kontortid. Kvam herad har inngått ei avtale med barnevernsvakta i Bergen frå 01.05.2019. Dei er opne kl. 08.00-02.00 alle dagar. Etter kl. 02.00 når ein barnevernsvakta via politiet.

I 2021 har barnevernsvakta vorte kontakta 10 gongar i samband med namngjevne born eller familiar. Dette gjeld til saman 16 born. I tillegg har barnevernsvakta blitt kontakta 6 gongar om ikkje namngjevne born i Kvam. Me ser at talet på kontaktar til Barnevernsvakta aukar litt for kvart år. Me tenkjer det er ein samanheng med at det er betre kjent for befolkninga at dei kan ta kontakt med barnevernsvakta i Bergen når barnevernstenesta sitt kontor er stengd.

# Kvam herad kommune

Kvam herad kommune har akuttberedskap.

## Barnevernvakt

### Interkommunalt samarbeid

Barnevernvakten i Bergen for:

- Austevoll kommune
- Bergen kommune
- Bjørnafjorden kommune
- Kvam herad
- Osterøy kommune
- Samnanger kommune
- Tysnes kommune

### Telefon:

55 36 11 80  
116 111  
02800


### Åpningstider:

Åpent alle dager fra kl. 08:00 - 02:00.  
Kl. 02:00 - 08:00 via politiet på telefonnummer 02800.


## Temaområde

### Bakgrunnsinformasjon/demografi

I Kvam svingar fødselstala frå år til år, med ein variasjon frå 104 fødde born i 2016 til 73 born i 2020. I mai 2022 har me fått oppgitt at det bur 85 barn født i 2021 i kommunen. I ei lita teneste vil små endringar kunna gje synlege statistiske utslag. Det ser me og att i statistikkane til barnevernet. Generelt skil ikkje Kvam seg vesentleg frå samanliknbare kommunar på barnevernområdet.



Det er ein generell trend i Noreg at barnefattigdomen aukar, noko me også ser i Kvam. Familiar som lever med utfordringar knytt til økonomi over tid, får ofte slitasje som syner seg på andre livsområde. I barneverntenesta kan me sjå ressursfattigdommen igjen gjennom utanforskap, låg sjølvkjensle, skam, konfliktrar i familien, dårleg utstyr, dårlege bustader, mindre nettverk, utryggleik og at den enkelte er sliten. Me veit at det er signifikant samanheng mellom dårleg familieøkonomi og psykisk helse. Me veit og at av dei barna som gjev opp at dei ikkje trivst på skulen, er delen med låg sosioøkonomisk status omtrent dobbelt så stor som dei med høg sosioøkonomisk status. Desse tilhøva er ofte medverkande til at barn og unge fell ut av skule og fritidstilbod. Me ser viktigeita av at kommunen har god kompetanse innan økonomisk rådgjeving og syner her særleg til NAV Kvam sin kompetanse.



(11,2 er Kvam. 10,5 er fylket. Landet 12,2)

I Kvam har me lang reiseveg til spesialisttenestene psykisk helsevern for barn og unge (BUP) og Familievernet. Me ser at det fører til press på lokale tenester om å levera tilbod som ligg tett opptil eller overlappar med, og delvis erstattar desse tilboda. Her kan me særleg trekkja fram at Familiesenteret sin kompetanse vert ynskt som tillegg til, i overlapp eller til erstatning for tilbod ynskt av BUP Voss og Familievernet i Odda. Lokalkunnskapen og kort reiseveg, gjer at det er stor etterspurnad etter familierettleiarane og psykolog i Familiesenteret. Dette kan me sjå på som eit teikn på god måloppnåing i Familiesenteret. Samstundes inneber det prioriteringsutfordringar. Nokre gongar kan det også vera eit spørsmål om born, unge og familieane får den spesialiserte hjelpa dei har rett på og behov for.

## Barnevernsreforma 2022

Barnevernsreforma, også kalla oppvekstreforma, trådde i kraft 1. januar 2022. Kommunane fekk auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det overordna målet med reforma er eit betre barnevern, der tenestetilbodet skal kunna tilpassast lokale behov.

Intensjonen med barnevernsreforma frå staten si side, er å gje kommunen insentiv og moglegheiter til meir og betre førebygging og samarbeid på tvers av tenester. Sjølv om reforma først og fremst regulerer barnevernet, er det semje om at det er best å oppnå måla gjennom endringar i heile oppvekstsektoren.

## Mål med barnevernsreforma

- Kommunane skal styrkja arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- Hjelpa som skal bli betre tilpassa born og familiar sine behov
- Rettstryggleiken til born og familiar skal verta godt ivareteken
- Ressursbruken og oppgåveløysinga til barnevernet skal verta meir effektiv

## De viktigste endringene i ansvarsfordeling mellom stat og kommune

1. Kommunene får et økt finansieringsansvar for barnevernstiltak
  - Fullt økonomisk ansvar for ordinære fosterhjem, og økte kommunale egenandeler for bruk av spesialiserte hjelpetiltak, spesialiserte fosterhjem, institusjon og akuttiltak
2. Helhetlig kommunalt ansvar for oppfølging og veiledning av fosterhjem
  - Statens betalingsansvar for ordinære fosterhjem, refusjonsordningen, oppheves
  - Kommunen får et helhetlig ansvar for oppfølging og veiledning av fosterhjemmene
  - Lovfestet kommunal plikt til alltid å først søke etter fosterhjem i barnets familie og nære nettverk
  - Samlet ansvar for valg og godkjenning av fosterhjem i én kommune (omsorgskommunen)
3. Statens spesialiserte tilbud blir tydeliggjort i loven
  - Bufetat kan i særlige tilfeller tilby plass i spesialiserte fosterhjem
  - Bufetat kan tilby utredning av sped- og småbarn
  - Bufetat kan tilby spesialiserte hjelpetiltak der dette kan forhindre plassering utenfor hjemmet
  - Bufetats tilbud av PMTO avvikles i takt med at kommunene bygger opp nødvendig kompetanse til å tilby PMTO og tilsvarende hjelpetiltak
4. Andre endringer
  - Krav om årlig rapportering om barnevernet til kommunestyret



Endringane gjev både auka utgifter og ansvar. I Kvam auka overføringa til barneverntenesta som følgje av reforma med kr 596.000. Me auka ei stilling med 40%, knytt til utlysing etter ny medarbeidar.

## Meldingar

### § 4-2. Meldingar til barneverntjenesten.

Barneverntjenesten skal snarest, og senest innen en uke, gjennomgå innkomne meldinger og vurdere om meldingen skal følges opp med undersøkelser etter § 4-3.

Dersom barneverntjenesten henlegger meldingen uten undersøkelse, skal dette begrunnes skriftlig. Begrunnelsen skal inneholde faglige vurderinger. Henleggelse av åpenbart grunnløse meldinger trenger ikke å begrunnes.

0 Endret ved lov 20 apr 2018 nr. 5 (kr. 1 juli 2018 iflg. res. 8 juni 2018 nr. 839).

I 2021 tok barneverntenesta i Kvam imot 168 meldingar. Meldarar kan vera foreldre og ungdom, politi, skule, barnehage, PPT, lege, BUP, helsestasjon, privatpersonar og andre. Tabellen under, viser meldarar i 2021. Oppsummert ser ein at instansar som samhandlar direkte med dei minste barna, er dei som har færrest meldingar. Dei fleste bekymringsmeldingane i 2021 kom frå vaksne og instansar som er i direkte kontakt med dei eldre barna. Barneverntenesta skulle ønskja at ein kom i kontakt med sårbare barn og familiar på eit tidlegare tidspunkt. Dette håpar me BTI (Betre tverrfagleg innsats)-modellen og eit auka fokus på tidleg innsats vil bidra til. Målet til barneverntenesta er rett hjelp til riktig tid.

Tekst	Antall
Andre offentlige instanser (krever presisering)	4
Andre privatpersoner	19
Barnehage	4
Barnet selv	3
Barneverntjenesten	10
Barnevernvakt	15
Familien for øvrig	6
Helsestasjon/skolehelsetjenesten	4
Lege, sykehus	4
Mor/far/foresatte	12
Pedagogisk/psykologisk tjeneste(PPT)	2
Politilensmann	39
Psykisk helsevern for barn og unge (kommune/stat)	12
Psykisk helsevern for voksne (kommune/stat)	17
Skole	17
Totalt	168
Totalt registrerte	168

Når barneverntenesta tek imot ei melding, skal me innan ei veke vurderer om denne gjev grunnlag for å starta ei barnevernundersøking eller om ho skal leggjast vekk. Om lag halvparten av meldingane me tek imot, er knytte til born der me allereie har pågåande undersøkingar eller hjelpetiltak. I 2021 vart alle meldingar konkludert innan fristen på ei veke, og ei vurdering vart skriftleggjort.

Barneverntenesta vurderer og om meldinga inneheld tilhøve som inneber så al vorleg risiko for barnet, at det krev ei direkte avklaring. Gjennom eit år har me fleire av desse sakene. Det krev store ressursar for kontoret, og eit godt samarbeid med aktuelle instansar. Me har den siste tida hausta mange gode erfaringar frå dette arbeidet. Me opplever at samarbeidspartnerane våre viser forståing og velvilje i det akutte arbeidet.

Under følger oversikt over hovudgrunnane for meldingar til barnevernet i Kvam i 2021. De vil finna at psykiske problem/lidingar og rus hjå foreldre er to store kategoriar. Konflikt i heimen merkar seg og ut. Her har tenesta allereie lagt ned ein innsats i å vera vertskommune for prosjektet "vestlandsmodellen" frå 2019 til 2022. Prosjektet har laga ein modell for å jobbe med undersøkingar der det er vedvarande konflikter i familien.

## Innhold i meldingar 20021

Andre forhold ved foreldre/familien (presisering)	18
Barnet utsatt for fysisk vold	5
Barnet utsatt for seksuelle overgrep	1
Barnets atferd	11
Barnets kriminelle handlinger	4
Barnets psykiske problem/lidelse	3
Barnets rusmisbruk	5
Foreld mangl ivareta gr.legg og hverd.omsorg barn	11
Foreld mangl ivareta gr.legg og hverd.omsorg barn	3
Foreld mangl oppfølgn barnbehov:Barneh,skole,pedtj	3
Foreldres kriminalitet	4
Foreldres manglende beskyttelse av barnet	3
Foreldres psykiske problem/ lidelse	30
Foreldres rusmisbruk	36
Foreldres somatiske sykdom	2
Høy grad av konflikt hjemme	21
Konflikt mellom foreldre som ikke bor sammen	2
Vold i hjemmet/vitne til vold i nære relasjoner	6

## Undersøkingar

### § 4-3. Rett og plikt for barneverntjenesten til å foreta undersøkelser.

Dersom det er rimelig grunn til å anta at det foreligger forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter dette kapitlet, skal barneverntjenesten snarest undersøke forholdet, jf. frister inntatt i § 6-9.

Undersøkelsen skal gjennomføres slik at den minst mulig skader noen som den berører, og den skal ikke gjøres mer omfattende enn formålet tilsier. Det skal legges vekt på å hindre at kunnskap om undersøkelsen blir spredt unødig.

Foreldrene eller den barnet bor hos, kan ikke motsette seg at en undersøkelse som nevnt i første ledd blir gjennomført ved besøk i hjemmet.

Dersom det er rimeleg grunn til å anta at det ligg føre tilhøve som kan gje grunnlag for tiltak, skal barneverntenesta snarast, og seinast innan tre månader, undersøka dette. I særlege tilfelle kan fristen utvidast til seks månader. Det er svært sjeldan fristbrot i Kvam. Der det skjer, har me god oversikt og det er ikkje uttrykk for systematiske utfordringar i tenesta.

Omfanget av undersøkinga vil avhenga av uroa i kvar enkelt sak, basert på meldinga som har kome inn og opplysningar som kjem fram gjennom undersøkinga. Ei undersøking skal gjerast så skånsam som mogleg og ikkje vera meir omfattande enn naudsynt. Undersøkingar kan gjennomførast sjølv om familien ikkje ynskjer det.

Barnet og familien skal få moglegheit til å medverka i undersøkinga og det skal leggjast vekt på barnet sine synspunkt, etter alder og modningsnivå. Barn over 15 år har eigne partsrettar. Som part kan ein sjå alle dokumenta i barnevernssaka.

Utfallet av ei barnevernundersøking kan vera:

- Barneverntenesta legg vekk saka fordi det ikkje er trong for tiltak frå barneverntenesta.
- Barneverntenesta set i verk hjelpetiltak.
- Barneverntenesta legg vekk saka fordi familien ikkje samtykker til hjelpetiltak.
- Barneverntenesta førebur sak for Fylkesnemnda om pålegg av hjelpetiltak, omsorgsovertaking eller plassering på barneverninstitusjon utan samtykke.

I 2021 gjennomførte barneverntenesta 79 undersøkingar etter å ha mottatt 168 meldingar. I 29 av desse vart det konkludert med hjelpetiltak i samarbeid med familien.

## Tiltak

### § 4-4. *Hjelpetiltak for barn og barnefamilier.*

Barneverntjenesten skal bidra til å gi det enkelte barn gode levekår og utviklingsmuligheter ved råd, veiledning og hjelpetiltak. Hjelpetiltak skal ha som formål å bidra til positiv endring hos barnet eller i familien.

Barneverntjenesten skal, når barnet på grunn av forholdene i hjemmet eller av andre grunner har særlig behov for det, sørge for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien.

Fylkesnemnda kan, når det er nødvendig for å sikre barnet tilfredsstillende omsorg eller av andre grunner, beslutte at opphold i barnehage eller andre egnede dagtilbud, opphold i besøks hjem eller avlastningstiltak, leksehjelp, fritidsaktiviteter, bruk av støttekontakt eller andre lignende kompensierende tiltak skal settes i verk ved pålegg til foreldrene. Når det er nødvendig for å sikre barnet tilfredsstillende omsorg, kan fylkesnemnda gi pålegg om tilsyn, meldeplikt og urinprøver. På samme vilkår kan fylkesnemnda gi pålegg om omsorgsendrende tiltak. De omsorgsendrende tiltak som anvendes, skal være faglig og etisk forsvarlige og bygge på et allment akseptert kunnskapsgrunnlag.

Hjelpetiltak etter tredje ledd kan opprettholdes inntil ett år fra vedtakstidspunktet. For pålegg om opphold i barnehage eller annet egnet dagtilbud gjelder ingen tidsbegrensning.

For barn som har vist alvorlige atferdsvansker, jf. § 4-24 første ledd, eller som er i ferd med å utvikle slike alvorlige atferdsvansker, kan fylkesnemnda vedta at foreldrestøttende tiltak som har som formål å redusere barnets atferdsvansker kan gjennomføres uten barnets samtykke. Slike foreldrestøttende tiltak kan også gjennomføres uten barnets samtykke når tiltakene iverksettes som ledd i avslutningen av et institusjonsopphold med hjemmel i § 4-24. Foreldrestøttende tiltak uten barnets samtykke kan ikke opprettholdes utover seks måneder fra fylkesnemndas vedtak.

Når vilkårene i annet ledd er til stede, og dersom behovene ikke kan løses ved andre hjelpetiltak, kan barneverntjenesten også formidle plass i fosterhjem, institusjon eller omsorgssenter for mindreårige. Hvis det må forutsettes at foreldrene i lengre tid ikke vil kunne gi barnet forsvarlig omsorg, bør det likevel vurderes om det med en gang skal vedtas at barneverntjenesten skal overta omsorgen for barnet etter § 4-12 første ledd, framfor frivillig plassering etter denne paragraf.

0 Endret ved lov 17 juni 2005 nr. 65 (ikr. 1 jan 2006 iflg. res. 17 juni 2005 nr. 614), 1 des 2006 nr. 65 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 1 des 2006 nr. 1332), 30 mai 2008 nr. 36 (ikr. 1 juli 2008 iflg. res. 30 mai 2008 nr. 517), 19 juni 2009 nr. 45 (ikr. 1 jan 2010 iflg. res. 26 juni 2009 nr. 874), 21 juni 2013 nr. 63 (ikr. 1 jan 2014 iflg. res. 13 des 2013 nr. 1516), 7 aug 2015 nr. 81 (ikr. 1 apr 2016 iflg. res. 12 feb 2016 nr. 136).

Hjelpetiltak skal ha som føremål å bidra til positiv endring hos barnet eller familien. Hjelpetiltak kan berre setjast i verk når familien samtykker. Fylkesnemnda kan fatta vedtak som pålegg foreldra å ta imot hjelpetiltak.

Nokre døme på hjelpetiltak frå barneverntenesta:

- Råd og rettleiing ved barneverntenesta eller tilvist Familiesenteret.
- Ungjobb
- Familieråd
- Støttekontakt
- Besøksheim
- Miljøarbeidar i heimen
- Samarbeidsmøter med andre instansar
- Friviljug fosterheim
- Opphald på Foreldre-barn-senter
- Økonomisk hjelp
- Barnehageplass/SFO
- MST (Multisystemisk terapi)

I Kvam opplever me ein positivitet når det gjeld bidrag til born og familiar som har behov for ekstra vaksenstøtte. Dette vere seg i form av å ta på seg oppdrag som besøksheim, støttekontakt, støttefamilie, fosterfamilie eller å tilby arbeidsplass. Me er imponert over alle som ynskjer å bidra og å vera den som utgjer den viktige forskjellen i ei periode av barna sitt liv. Menneska er vår viktigaste ressurs. Dette gjeld sjølv sagt familiane, men også slektingar, alle våre oppdragstakarar, profesjonelle nettverk og samarbeidspartnarar. Me har fokus på å rekruttera fosterheimar i familie, nettverk og i nærområde. På denne måten kan barnet oppretthalda sin tilknytning til familie, vener, lokalmiljø, skule og barnehage.

I denne samanheng, vil me også løfta fram at det viktigaste barnevernsarbeidet i Noreg vert utført utanfor sjølve barneverntenesta. Me har gode helsesystem, skule for alle, tilbud om fritidsaktivitetar, bibliotek, trygge bumiljø, barnehagar og gode støttetjenester for alle barn. Ein trygg oppvekst for alle er godt førebyggjande barnevern.

Når det er vedteke hjelpetiltak, skal det utarbeidast ein tiltaksplan. Den ne skal evaluerast jamleg, fortrinnsvis kvart kvartal. Hjø barneverntenesta i Kvam, har evaluering av tiltaksplanar vore eit satsingsområde frå hausten 2020. Dette etter at me fann svært låge tal for formalisert evaluering i 2019. Satsinga førte til ei betring frå at 30 av 71 barn fekk evaluert sine tiltak i andre halvår 2019, til at 51 av 58 barn fekk evaluert tiltaka i siste halvår av 2020. I 2021 ble noko færre formaliserte evalueringar gjennomført. Me er ikkje nøgde før me gjennomgåande, og over tid, oppnår 100 % evaluering av tiltaksplanane i alle saker. Der har me framleis ein jobb å gjera.

Under følger oversikt over dekningsgrad og kapasitet frå kommunebarometeret til Bufetat:



Variasjonen i barnevernet sine hjelpetiltaka er stor. I tilstandsrapporten førre år, trekte me fram hjelpetiltaka Ungjobb og familieråd. I år ønsker me å bringa inn ei meir generell problemstilling knytt til våre hjelpetiltak og kommunen sitt førebyggjande arbeid. Det handlar om Familiesenteret sin rolle som viktig både innan kursing til foreldre og når det gjeld tidleg innsats retta mot innbyggjarane i Kvam, samt som tiltaksarbeidar saman med barneverntenesta. Først repeterer me derfor skildringa frå sist tilstandsrapport.

## Familiesenteret si rolle i tiltaksarbeidet

Familiesenteret har medansvar for å gje familiar råd og rettleiing som hjelpetiltak når barnevernstenesta tilviser etter å ha fatta vedtak. Dette gjeld både hjelpetiltak, fosterforeldre og foreldre som har mista omsorga, men ikkje der barn er plassert i fosterheim i annan kommune. Familiesenteret kan også samarbeida med barnevernstenesta ved andre behov om det er kapasitet og kompetanse.

Fram til juni 2016 var 3 stillingar som familieveiledarar organisert under barnevernsleiar. Frå 2016 vart familierettleiarane omorganisert saman med utekontakt og psykolog for barn og unge. Desse utgjer den samla ressursen i Familiesenteret. Målet med endringa, var å realisera nokre av målsetjingane i Kvam Familie- og Læringscenter (KFL). Det gjeld mellom anna målet om større fokus på førebygging, tidleg innsats, tverrfagleg og heilskapleg samarbeid. Familiesenteret skulle framleis prioritera familiar som barnevernet vurderte hadde behov for hjelpetiltak i form av støtte og rettleiing. Etter omorganiseringa har Familiesenteret hatt rettleiing til om lag 40-50 familiar årleg. Familiane får individuelle tilbod. I 2021 har Familiesenteret hatt kontakt med ca. 40 barn og deira familiar. I hovudsak i form av individuell rettleiing, men nokre av foreldra har delteke på foreldrekurs i tillegg. Psykolog var i kontakt med inntil 10 barn som var i kontakt med, eller tilvist frå barnevernstenesta i 2021.

Eit viktig mål i barnevernreforma 2022 er betre førebyggjande innsats og samarbeid. Me meiner at Kvam allereie har kome langt i å vri innsatsen i retning førebygging og tidleg innsats. I tillegg til å jobba etter vedtak frå barnevernstenesta, tilbyr Familiesenteret også råd, rettleiing og kurs til andre foreldre som ber om det. Førebyggingsfokuset er me stolte av, og me meiner det gjev eit godt tilbod til innbyggjarane i Kvam. Samstundes ser me at det har gjeve ei slagside, ved at me har lågare kapasitet til innsats inn i familiane som strevar mest. Over tid, ser me at dette gjev utfordringar. Me registrerer det på kapasitet og utviklingsarbeid. Dette arbeidet er heilt naudsynt for å oppfylle krava til endå sterkare kommunal innsats for å førebyggja flytting av barn og betra deira levekår heime.

No som det har gått endå eit år, er den omtalte slagsida ei aukande utfordring. Me ser at me særleg treng:

- Raskare bistand frå tiltaksarbeidarane i akutte situasjonar og mens motivasjonen er til stades i familiane.
- Auka bredde i innsats/tiltak.
- Tettare oppfølging av enkelte familiar
- Tettare oppfølging av og kurs til fosterheimar
- Tiltaksutvikling

Leiar for barnevern, Familiesenter og oppvekstsjef har byrja eit arbeid for å sjå på desse problemstillingane. Kanskje er me no midt i det som omtalast som "pukkeeffekten", der me både skal ha gode og hjelpsame tiltak og godt førebyggjande arbeid med dei same ressursane. Kostnaden for tiltaksarbeidet til barnevernstenesta har samtidig blitt større enn me kan akseptera over tid. I det vidare vil me måtta avklara dette temaet og eventuelt spela inn ei sak om prioritering og ressursar til heradsstyret. Barnevernstenesta vil poengtera viktigheita i å ha eit lokalt tiltaksapparat med kapasitet til barnevernstenesta sine oppdrag. Alternativet vert å leiga inn oppdragstakarar.

## Fosterheim

### § 4-22. Fosterhjem.

Med fosterhjem menes i denne lov

- a) private hjem som tar imot barn til oppfostring på grunnlag av barneverntjenestens beslutning om hjelpetiltak etter § 4-4, eller i samband med omsorgsovertakelse etter § 4-12 eller § 4-8 annet og tredje ledd,
- b) private hjem som skal godkjennes i henhold til § 4-7.

Til fosterforeldre skal det velges personer som har særlig evne til å gi barn et trygt og godt hjem, og som kan løse oppfostringsoppgavene i samsvar med de forutsetningene som er lagt til grunn om oppholdets varighet m.m., jf. § 4-15.

Barneverntjenesten skal alltid vurdere om noen i barnets familie eller nære nettverk kan velges som fosterhjem. Barneverntjenesten skal ved slike vurderinger legge til rette for bruk av verktøy og metoder for nettverksinvolvering, dersom det er hensiktsmessig.

Departementet kan gi forskrifter om hvilke krav som skal stilles ved valg av fosterhjem, om fosterhjemmenes rettigheter og plikter, om barneverntjenestens plikt til veiledning og oppfølging av fosterhjemmene, og om tilsyn med barn i fosterhjem.

Den kommune der fosterhjemmet ligger, har ansvaret for godkjenning og tilsyn av hjemmet.

Kommunen skal føre tilsyn med hvert enkelt barn i fosterhjem fra plasseringstidspunktet og frem til barnet fyller 18 år. Formålet med tilsynet er å føre kontroll med at barnet får forsvarlig omsorg i fosterhjemmet og at de forutsetninger som ble lagt til grunn for plasseringen blir fulgt opp.

Kommunen skal sørge for at de som skal utøve tilsynet gis nødvendig opplæring og veiledning.

0 Endret ved lover 7 mai 1993 nr. 44, 21 juni 2013 nr. 63 (i.kr. 1 feb 2014 iflg. res. 13 des 2013 nr. 1516), 20 apr 2018 nr. 5 (i.kr. 1 juli 2018 iflg. res. 8 juni 2018 nr. 839). Endres ved lov 16 juni 2017 nr. 46 (i.kr. 1 jan 2022 iflg. res. 5 mars 2021 nr. 607) som endret ved lov 20 apr 2018 nr. 5.

### § 4-15. Valg av plasseringssted i det enkelte tilfelle.

Innenfor den ramme som er fastsatt i § 4-14 skal stedet for plassering velges ut fra hensynet til barnets egenart og behov for omsorg og opplæring i et stabilt miljø. Det skal også tas tilbørlig hensyn til at det er ønskelig med kontinuitet i barnets oppdragelse, og til barnets etniske, religiøse, kulturelle og språklige bakgrunn. Det skal videre tas hensyn til hvor lenge det er trolig at plasseringen vil vare, og til om det er mulig og ønskelig at barnet har samvær og annen kontakt med foreldrene.

Med ordet fosterheim meiner me private heimar som tek imot born til oppfostring. Til fosterforeldre skal det veljast personar som har særleg evne til å gje barn ein trygg og god heim. Dei skal kunna løysa oppfostringsoppgåvene i samsvar med dei føresetnadene som vert lagt til grunn. Nokre gongar er det for ei kort periode, andre gongar kan det verta langvarig.

Barneverntenesta har plikt til å besøka fosterheimen så ofte som naudsynt. Det er krav om minimum fire besøk i året. I nokre situasjonar kan det reduserast til to gongar årleg. Oppfølginga av ei plassering inneber i tillegg omfattande kontakt blant anna gjennom telefonkontakt, samarbeidsmøter, tilrettelegging for samvær, planarbeid, kontakt med biologisk familie, barnesamtaler og det som elles måtte koma til av behov.

Kommunen skal føra tilsyn med det enkelte barnet frå det blir plassert i fosterheim og fram til barnet fyller 18 år. Dette oppdraget vert gjeve til tilsynsførarar, som har minimum fire besøk i fosterheimen i året og som leverer skriftleg rapport etter kvart tilsynsbesøk. Tilsynsførarar har som si eine viktige oppgåve å følgja med og gjera seg opp ei meining om kor vidt barnet vert tilfredsstillande ivareteke, og om føresetnadene for plasseringa vert følgt opp. Dette gjeld uavhengig av særlege interesser barnevernteneste, fosterforeldre og foreldre måtte ha.

I 2021, var 22 barn plassert i fosterheim. Av desse var tolv hjelpetiltak og ti omsorgsovertakingar. Sju av hjelpetiltaka var ungdom over 18 år, som får ettervern i form av vidareført fosterheimstiltak. Dei siste åra har barnevernet alltid vurdert om det er eigna plasseringar i slekta og nettverket til barnet. Dei fleste nye plasseringar skjer i barna sine familiar eller nettverk. Det er og fokus på å plassera barna i familiar med same kulturelle bakgrunn og språk, der det er mogleg. Av dei 22 barna er 15 busett i Kvam herad.

## Hasteflytting/akuttvedtak:

Barneverntenesta har høve til å hasteflytta born. Det kan både skje som friviljug tiltak, og i sjeldne tilfelle utan foreldra sitt samtykke. Då skal vedtaket godkjennast av Fylkesnemnda. Ei godkjenning frå Fylkesnemnda kan påklagast.

### § 4-6. Midlertidige vedtak i akuttsituasjoner.

Dersom et barn er uten omsorg fordi foreldrene er syke eller barnet er uten omsorg av andre grunner, skal barneverntjenesten sette i verk de hjelpetiltak som umiddelbart er nødvendige. Slike tiltak kan ikke opprettholdes mot foreldrenes vilje.

Er det fare for at et barn blir vesentlig skadelidende ved å forbli i hjemmet, kan barnevernadministrasjonens leder eller påtalemyndigheten uten samtykke fra foreldrene umiddelbart treffe midlertidig vedtak om å plassere barnet utenfor hjemmet.

Det har vore eit fokus på å redusera talet på slike hasteflyttingar av born i Noreg. Me veit at det kan medføra betydeleg stress for både barnet, foreldre og nettverk når born vert flytta akutt. Nokre gongar tilseier situasjonen at det er naudsynt. Me arbeider i tråd med nye nasjonale føringar om at det ved alle flyttingar av born skal vurderast plassering hjå slekt av eller i nettverket til barnet.

I Kvam er det få hasteflyttingar av born utan samtykke frå foreldra, oftast mindre enn tre kvart år. Det er vanleg med nokre samtykkebaserte hasteflyttingar kvart år. Alle tvangsvedtak skal prøvast av Fylkesnemnda og kan ankast inn til domstolane.

## Ettervern

### § 1-3. Hvem loven gjelder for.

Tiltak som omhandlet i denne lov kan treffes overfor barn under 18 år.

Når barnet samtykker, kan tiltak som er iverksatt før barnet har fylt 18 år, opprettholdes eller erstattes av andre tiltak som er omhandlet i denne lov inntil barnet har fylt 25 år. Jf. likevel § 4-24 tredje ledd. Opphør av tiltak ved fylte 18 år og avslag på søknad om tiltak etter fylte 18 år skal regnes som enkeltvedtak og skal begrunnes ut fra hensynet til barnets beste, jf. § 4-1.

0 Endret ved lover 26 juni 1998 nr. 42 (ikr. 1 sep 1998), 19 juni 2009 nr. 45 (ikr. 1 juli 2009 iflg. res. 26 juni 2009 nr. 874), 19 juni 2020 nr. 74 (ikr. 1 jan 2021 iflg. res. 18 des 2020 nr. 2846).

Når ungdommen samtykker, kan tiltak som vert sett i verk før barnet har fylt 18 år oppretthaldast eller erstattast av andre tiltak omhandla i barnevernlova inntil barnet har fylt 25 år. Fram til i år, var den øvre aldersgrensa sett til 23 år. Den auka aldersgrensa gjer at me kan venta oss ei auke i talet på ettervernstiltak frametter. Målet med ettervernet er å sikra ein god overgang til vaksenlivet.

Fleire born med barnevernserfaring mottek mindre praktisk, emosjonell, økonomisk og sosial støtte enn barn utan slik erfaring. Dei møter vaksenlivet uførebudd, utan tryggleiksnett og sosiale nettverk som gjev nyttig støtte. Forskarar rår difor til at kommunane utviser eit større ansvar for denne gruppa. Forsking syner at ettervern kan ha ein langsiktig effekt på fullføring av vidaregåande skule, og det reduserer sannsynet for å motta uførepensjon. Indirekte vil ettervern også kunna påverka mottak av arbeidsavklaringspengar og sosialhjelp. Bufdir uttrykker eit klart mål om at ettervern skal prioriterast og at fleire born skal sikrast eit ettervernstilbod. Her vil nettverksfokus, samarbeid med andre instansar og fleksibilitet vera viktig. I ettervernsarbeidet skal det fokuserast på framtida, skule og langvarige relasjonar.

Per 31.12.2021, fekk tolv ungdomar over 18 år oppfølging frå barneverntenesta i Kvam. Av desse budde sju i fosterheim, dei andre tok imot andre former for hjelpetiltak.


## Kvalitet

Dei siste åra har pandemien prega samfunnet. Barneverntenesta har i stor grad hatt ordinær drift, i tråd med nasjonale føringar. Vinteren 2022 er den perioden me opplevde oss mest råka av pandemien her i Kvam, med mange sjuke og skuler og barnehagar som gjorde en kjempeinnsats for å halda drifta gåande. I barneverntenesta merka me dette med at tal på meldingar fall dramatisk i denne perioden. Etter påske 2022 ser dette ut til å ta seg opp mot normalt nivå igjen.

Over dei siste tre åra har me av ulike og individuelle grunnar hatt fleire langvarige sjukemeldingar i tenesta. Me har hatt korte periodar med full bemanning. I 2021 var sjukefråværet på 11,6 prosent. Det er ikkje lett å finna gode løysingar for vikarar i vår teneste. Dette har prega oss, slik at utviklingsarbeid og kvalitet ikkje har blitt i tråd med kva me meiner er både ønskeleg og naudsynt. Me har fokusert på kjerneoppgåvene og å oppfylle lovkrava. Me har teke imot meldingar, gjennomført undersøkingar, sett i verk hjelpetiltak, handtert akuttsaker, bra kt saker inn for Fylkesnemnd og domstolar og følgd opp vedtak og avgjersler frå desse. Det meiner me at me har fått bra til, men me ser at arbeidet med naudsynt vidareutvikling av nyttige tiltak og kvalitetsheving ikkje har vorte ivareteke godt nok. Dei tilsette strekker seg langt kvar dag for at me skal gje best mogleg tenester. Over tid gjev det slitasje for engasjerte fagpersonar.

Barneverntenesta har eit særleg ansvar for å ivareta barn sitt beste. Å arbeida i barneverntenesta innfattar å ha eit stor ansvar for familiane og barna ein møter. Våre avgjersler kan for nokon vera svært inngripande. Det ligg derfor eit stort ansvar på arbeidarane i tenesta å handtere ein slikt arbeid i eit lite samfunn. Arbeidet er prega av ein hektisk kvardag. Det er viktig at alle har barna sitt beste i fokus når vi møter familiar i kommunen. Det er saman vi kan hjelpe best.

På Bufetat sine kvalitetsmål kjem me greitt ut på dei ulike indikatorane.



Bufetat statistikk 2021, kvalitetsmål for barneverntenestene, samanlikna med fylket.

Tenesta har ambisjonar om å levera høg kvalitet på tiltaka til familiane. Me ynskjer også høg kvalitet på ivaretaking av tilsette og oppdragstakarar. Det er fleire områder me ikkje har kunna levert som ynskt på. Her vil me særleg trekkja fram:

- Brukarundersøkingar for å få fram brukarperspektivet (sist gjennomført i 2018)
- Bruk av internkontroll for læring i organisasjonen. Internkontrollarbeidet er i gang, men me er endå ikkje på ønska nivå.
- Rutinar i tenesta: sikra at alle tilsette kjenner til og bruker rutinane me har, og lage rutinar som eventuelt manglar. Dette er kontinuerleg arbeid.
- HMT-arbeid med fokus på å forebygge vald og truslar
- Opplæring/kurs/vedlikehald
- Vidareutvikling av våre hjelpetiltak, med særleg fokus på dei mest komplekse og sårbare familiane.
- Evalueringar
- Samarbeidsmøter og evaluering av samarbeidsavtaler med andre tenester. Dette er påbyrja etter at samfunnet opna igjen. Me har ikkje nådd å kome rundt til alle endå.

Eit område me har fokusert på frå 2020 er evaluering av tiltaksplanar. For å kunna sikra at innsatsen er nyttig å gjev ynskt effekt, er evalueringsarbeidet viktig. Her ynskjer me å verta betre, både på kvantitet og kvalitet. Me gjekk frå å evaluera ca. 20% av alle tiltakssaker andre halvår 2019, til ca. 90 % i andre halvår 2020. Talet gjekk dessverre noko ned i 2021. Målet vårt er å liggja på 100 % over tid.

Kommunen har inngått avtale med Visma Veilederen om kjøp av deira nettenester. Dette er eit verktøy som inneheld opplæring i form av opplæringspakkar, webinar, podkast, faglege artiklar og planar. Vidare inneheld verktøyet oppslagsverk innan aktuelt lovverk og personal. Leiarar kan kontakta den juridiske svartenesta for rettleiing og avklaring. Me vonar at Veilederen vil bidra til tryggare medarbeidarar, auka kompetanse og styrking av den interne og eksterne opplæringa vår. Nyten av dette vart evaluert i oktober 2021, og me konkluderte med vidare kjøp. Kommunen kjøper rettleiaren innan barnevern, barnehage, skule og helse. Alle med e-post adresse @kvam.kommune.no kan oppretta ein brukar. Det gjeld og politikarar.

Me har arbeida for å utvikle internkontrollen i tenesta. Dette skal sikre at lovkrava til tenesta blir følgt, og at fristar blir heldt. Det skal og vera ei sikring til barnevernsarbeidarane på kva rammer dei har, og at kontoret kan fange opp eventuelle avvik og forbetningsområder. Gjennom internkontroll ønskjer me å sikre at tenesta gjev dei riktige tiltaka til familiane, og at dei tiltaka som blir sett inn har ønskja effekt. Me må og sikre at våre kartleggingar og analyser er tilstrekkelege til at vi fattar gode avgjersler.

## Bemanning og kompetanse

Det er ein pågåande samfunnsdebatt om dei tilsette i barneverntenesta har kompetanse til å gjera ein god nok jobb. Den debatten skal me ikkje gå inn i her. I Kvam har fleirtalet av sakshandsamarane vidareutdanning utover treårig høgskule, og nokre har opptil fleire. I år har tre medarbeidarar søkt seg inn på vidareutdanning innan områda juss, relasjon og familieterapi. Ein er snart ferdig med vidareutdanning i rettleiing. Dette syner at det er interesse for vidare fagleg utvikling, noko me meiner er viktig. I tillegg har vi deltatt på Bufetat sine kurs innan fosterheimsarbeid. Disse vart rulla ut for å overføre kompetanse frå Bufetat til kommunane, som ledd i barnevernreforma 2022.

I nytt lovverk er det føreslege at tilsette og leiarar som skal utføra kjerneoppgåver må ha fullført femårig barnevernfagleg mastergrad. Dette kravet er tenkt innført frå 2031. Dette gjev eit frampeik mot behov for satsing på vidareutdanning og rekruttering av nye medarbeidarar som skal fylla

komande krav. Per i år er det fleire av våre tilsette som oppfyller krav om utdanning gjennom lang erfaring, og vidareutdanningar.

#### § 2-1 a. *Krav til kompetanse for barneverntjenestens personell*

Personell i barneverntjenesten som skal

- gjennomgå og vurdere bekymringsmeldinger
- gjennomføre undersøkelser av barnets omsorgssituasjon
- treffe vedtak om hjelpetiltak
- forberede saker for behandling i fylkesnemnda, eller
- iverksette og følge opp tiltak

må fra 1. januar 2031 ha barnevernfaglig mastergrad eller annen relevant utdanning på tilsvarende nivå. Kompetansekravet er også oppfylt av personell som har relevant bachelorutdanning og som innen 1. januar 2031 kan dokumentere minst fire års arbeidserfaring fra barnevernet og som har gjennomført en barnevernfaglig eller annen relevant videreutdanning med minst 30 studiepoeng.

Bestemmelsen gjelder også for barneverntjenestens leder og lederens stedfortreder, samt for sakkyndige barneverntjenesten har engasjert etter § 4-3 og for personell som bistår barneverntjenesten med utredning Barne-, ungdoms- og familieetaten tilbyr etter § 2-3 tredje ledd bokstav a.


Når barneverntjenesten utfører oppgaver etter denne bestemmelsen, kan den bare la seg bistå av private som oppfyller kompetansekravene i første ledd.

## Økonomi

Kvam herad sine samla utgifter på barnevern ligg noko lågare enn gjennomsnittet i fylket og i landet. Me er ei relativt lita teneste og det tyder at nye eller endra behov knytt til enkeltfamiliar eller -barn, kan gje relativt store utslag. Det kan til dømes vera snakk om behov for juridisk og sakkyndig bistand ved saker i Fylkesnemnd og domstol, eller plasseringar av born i institusjon eller fosterheim. Dei endringane me ser frå år til år, skuldast i stor grad slike tilhøve.

Me veit at me frametter må forventa auka kostnader, som resultat av barnevernreforma 2022. Dette vil gjelda innanfor ettervern, fosterheimsarbeidet og hjelpetiltak for familiar der det må omfattande bistand inn for å unngå omsorgsovertaking. Det er også vår vurdering at dei auka oppgåvene vil kunna medføre behov for auka bemanning.

Nedanfor vert Kvam herad samanlikna med fylket.



I Kvam har me dei siste åra sett at talet på hjelpetiltaksaker har vore noko lågare enn tidlegare år. Dette kan handla om ein heva terskel for tiltak fra barnevernet og senka terskel for å avslutta tiltak. Samstundes ser me kanskje ein effekt av at me har eit familiesenter som tilbyr tidleg innsats, slik at familiar får den hjelpa dei treng derifrå. Dette er ein trend me også kan sjå på nasjonalt nivå.

Barneverntenesta har inngått samarbeid med Øygarden og Askøy kommune om innkjøp av nytt fagprogram. Leverandøren av dagens fagprogram har sagt opp avtalen med verk nad frå 01.01.2023. Me forventar å få ein avtale på plass og nytt fagprogram innan sluttdato. Erfaring frå PPT sitt innkjøp av nytt fagprogram, er at det kan verta naudsynt å oppgradera noko maskinvare/utstyr, for å kunne dra nytte av fagprogrammet. Det må og påreknast tidsbruk til opplæring, overflytting av data, opplæring av superbrukarar og endring av rutinar.

## Samarbeid med andre sektorar

Samordning og samarbeid er avgjerande viktig for å gje born og familiar rett hjelp til rett tid. Alle tenestene har eit sjølvstendig ansvar for å gje den hjelpa dei er pliktige til etter regelverket. Eit av barnevernet sine nasjonale kvalitetsmål er at innsatsen skal vera samordna og prega av kontinuitet. Samordning og samarbeid inneber koordinering av «kven som gjer kva». Me må syta for at dei ulike tenestene arbeider i same retning, mot same mål og me må syta for at naudsynt og tilstrekkeleg informasjon vert delt mellom tenestene for å kunna gje barnet best mogleg hjelp.

Barneverntenesta har inngått samarbeidsavtaler med dei fleste kommunale tenestene innan oppvekst og vaksentenester. Det siste året har me ikkje gjennomført samarbeidsmøter mellom tenestene. Dette grunna pandemisituasjonen. Framover er det ynskjeleg å kunna prioritera dette att. Me heldt oss også til nasjonale rettleiarar for samarbeid.

Dei mest aktuelle kommunale tenestene barnevernet samarbeider med er helsestasjon og skulehelseteneste, fastlege, NAV, ROP, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), Familiesenteret, tenestekontoret, skular og barnehagar. Andre viktige samarbeidspartnarar for oss er mellom andre Politiet, BUP, Familievernkontoret og VOP.

Kvam har også ei samarbeidsavtale med NOK, tidlegare SMISO. Dei er eit kompetansesenter mot seksuelle overgrep. Samarbeidet inneber at terapeutar kjem til Kvam herad kvar fjortande dag. For tida låner dei lokale i KFL-bygget.



Bergen

[Tilbud](#) ▾ [Ressursbank](#) [Kontakt oss](#) [Aktuelt](#) ▾ [Kalender](#) [Om oss](#) ▾

Vi er et tverrfaglig, gratis og lavterskel hjelpetilbud til utsatte for seksuelle overgrep og deres pårørende. Vi veileder og underviser skoleklasser, lærere, helsepersonell og øvrige fagpersoner i spørsmål som omhandler seksuelle overgrep.

Me saknar utekontor frå BUP og Familievernet. Dei er viktige samarbeidspartnarar som me gjerne skulle hatt nærare.

Kvam har delteke i samhandlingsprosjektet «Barn og unges helseteneste» i samarbeid med BUP Voss og resten av kommunane i sjukehusdistriktet. Prosjektet deler målsetjinga om betre samhandling, heilskap og færre brot i behandling og oppfølging for den enkelte brukar. Prosjektet er avslutta og har resultert i ei nettside og forslag til samarbeidsstrukturar mellom kommunen og spesialisthelsetenesta for barn og unge.

Barneverntenesta har koordinatorsansvaret i konsultasjonsteamet om vald og overgrep mot barn og unge i kommunen. Konsultasjonsteamet er sett saman av representantar frå politi, PPT, Familiesenteret, helsesjukepleiar, skulelege og barnevern. RVTS har gjeve opplæring til kommunen under oppbygginga av dette teamet.

## Førebyggjande arbeid

### § 3-1. Kommunens og barneverntjenestens forebyggende virksomhet

Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsvansker. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.

Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.

Barneverntjenesten har ansvar for å gi hjelp, omsorg og beskyttelse når det er nødvendig på grunn av barnets omsorgssituasjon eller atferd. Ansvarer omfatter tiltak rettet mot barnets omsorgssituasjon eller atferd.

Barneverntjenesten skal sette inn tiltak tidlig for å forebygge alvorlig omsorgssvikt og atferdsvansker.

0 Endret ved lov 18 juni 2021 nr. 96 (kr. 1 jan 2022 iflg. res. 17 des 2021 nr. 3631).

I den nye barnevernslova er det lovfesta eit krav om at kommunestyret sjølv skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid for å førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem. Departementet føreslår at planen skal innehalda ei skildring av overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet, korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane, korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis ulike etatar skal samarbeida.

I Kvam vert det for tida aktivt jobba med oppvekstplanen. Den førebyggjande planen vil ein gå i gang med etter dette planarbeidet. Statsforvaltaren har signalisert at det vil koma fleire føringar om innhaldet i planen framover. Desse føringane ønsker me å ta med oss i arbeidet med planen.

Det vert i dag arbeida på fleire område for å skapa gode oppvekstvilkår og for å førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem.

Oppvekstvilkåra til born og unge vert påverka av mange ulike faktorar. Trygt og godt miljø i barnehagar og skular, trygge nærmiljø, gode rammer rundt familiane, vellukka integrering, økonomisk tryggleik og meiningsfull fritid er rekna som gode vilkår for oppvekst og utvikling. I alt arbeid med førebygging og tidleg innsats er det avgjerande å avdekka forhold som nemnt over, såkalla risikofaktorar for uhelse og utanforskap, og på den andre sida forhold som kan verna, kompensera og fremja utvikling, deltaking og meistring. Kvam herad har ei rekkje planar, prosjekt og prosessar med mål om å skapa gode oppvekstvilkår. Kvam familie- og læringscenter (KFL) vart offisielt opna i 2019, og har som føremål å gje heilskapleg og tverrfagleg hjelp til alle barn, unge og familiar i Kvam, og med eit særleg blick på sårbare barn og unge som veks opp under utrygge oppvekstvilkår. Visjonen er *Heilskapleg blick – felles ansvar*.

Kvam har dei siste ti åra satsa på førebyggjande arbeid, tidleg innsats og betre tverrfagleg innsats. Godt førebyggjande arbeid krev langsiktig, systematisk, tverrfagleg og kunnskapsbasert innsats. KFL har vore ein tverrfagleg samarbeidsmodell for å halda fast ved dette målet. Arbeidet kring det enkelte barnet eller familie framstår kanskje som meir konkret og oversiktleg, enn arbeidet med systemet. Endring av forhold i system og organisasjonar, krev prioritering, tydeleg forankring og leiing, tolmod og tru på at heilskapen er større enn delane. Kunnskap og erfaring om endring av system og organisasjonar stadfestar dette.

Kvam herad er no på god veg i ein meir konkret retning ved å innføra BTI-modellen – *Betre Tverrfagleg Innsats*. Modellen er bygd på den nasjonale fagleg retningslina *Tidleg oppdagelse av utsatte barn og unge* (Helsedirektoratet) som tydeleg peiker på kommunen sitt ansvar på dette området. Målet med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg koordinert innsats for å hindra brot i oppfølginga av det enkelte barn og familie. Prosjektgruppa er representert ved leiarar frå tenester for barn og vaksne. Dei kjem både frå eining for oppvekst og helse og omsorg. Dette arbeidet støttar opp under måla i barnevernsreforma.

## Hva er BTI?

23.01.2018 | Redaksjonen



**Tidlig innsats:** helsefremmende og forebyggende innsatser og å oppdage og følge opp vansker i tidlig alder og tidlig i et risikoforløp. Det kan være forhold i hjemmet, egenskaper ved barnet eller miljøet i barnehagen/skolen eller fritida, som skaper utfordringer.

Hjemmet, helsestasjonen, barnehagen og skolen har derfor en sentral plass i å oppdage og følge opp målgruppen.

**Samordne tjenestene:** å skape et helhetlig og sammenhengende system mellom ulike tjenester og brukeren. Hensikten er at tjenestene skal fremstå enhetlig overfor brukerne. Strukturen i BTI skal legge til rette for at det blir sammenheng i og mellom tjenestene og brukeren uten at det blir brudd i oppfølgingen.

**Medvirkning:** brukerne må involveres i lokalt systemarbeid med å tilpasse BTI på kommune- og tjenestenivå og i den individuelle oppfølgingen på et tidlig tidspunkt. Dette innebærer at det også skal legges til rette for at foreldre/brukere enkelt kan komme i kontakt med aktuelle virksomheter/tjenester ved undring eller bekymring for egne eller andres barn.

**Samhandlingsmodellen, BTI**

- Samhandlingsmodell på fire nivåer
- Handlingsveileder
- Verktøy
- Stafettholder og stafettlogg
- Ansattes kompetanse

Kvam herad jobbar samstundes med konkrete førebyggjande prosjekt innan tenesteutvikling, barnehage og skule, fritidssektoren og kurstilbod til foreldre for å nemna nokre.

### Foreldrestøttande tiltak.

Prosjektet *Foreldrestøtte* skal leggja til rette for auka tilbod i form av kurs og gruppetilbod til foreldre til barn med særlege utfordringar. I tillegg blir det arbeida med kompetanseheving om foreldrestøtte til barnehage og skule. Slik kan me nå ut til fleire. Prosjektet er støtta av Bufdir og vert avslutta i 2022. Målet er å hindra omsorgssvikt, vald og overgrep mot barn gjennom auka bevisstheit og kunnskap om foreldre sin utviklingsstøttande rolle i barn sin oppvekst og utvikling. Familiesenteret har arrangert 4 foreldrekurs i 2021.

### Støttesystem i skule og barnehage.

Støttesystemet i skulane i Kvam handlar om å skapa inkluderande læringsfellesskap for alle elevar, gjennom å organisera og setja i verk tiltak kring elevar i ordinær opplæring. Støttesystemet er ein måte å forstå og organisera læringskvardagen på. Stortingsmeldinga peiker på at målet er at elevar som treng hjelp, skal få hjelpa tidleg i eit fleksibelt og inkluderande system som ivareteke eleven og som gjev hjelpa eleven treng. Intensjonen er å gi hjelp utan sakkunnig vurdering og enkel tvedtak.

Kvam herad etablerte støttesystem i skulane i 2014. Frå hausten 2021 har me etablert støttesystem i alle dei kommunale barnehagane. Alle barn skal oppleva å verta inkludert, meistra og få æra på gode og utviklingsstøttande læringsarenaer. Fleire barn skal få hjelp og støtte innanfor ordinært barnehagetilbod. Frå 1. august fekk alle barnehagane ein spesialpedagog som skal jobba med førebygging og gje rettleiing til personalet i barnehagen. Spesialpedagogen skal og jobba med barn som har enkeltvedtak om spesialpedagogiske hjelp.

Erfaringar frå andre kommunar viser at å setja inn ein spesialpedagog i kvar barnehage har god førebyggjande effekt, og at tal barn med behov for enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp på sikt går ned. Dette er i tråd med å jobba førebyggjande for å unngå skeivutvikling og åtferdsproblem når barnet vert større.

### Fritid

Ei meiningsfull og inkluderande fritid er viktig for at barn og unge skal få utvikla interesser og venskap. Eit godt samarbeid mellom kommune og frivilligheit som skaper eit inkluderande og mangfaldig fritidstilbod, er ein viktig faktor for å hindra utanforskap. Kvam er pilotkommune innan Fritidskortet, som er eit prøveprosjekt i regi av Bufdir. Prosjektperioden er forlenga ut 2022. Fritidskortet skal vera ein del av kommunen sitt arbeid for å oppfylle Fritidserklæringa, som byggjer på artikkel 31 i FNs barnekonvensjon som seier at alle barn har rett til fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv.

Ung Fritid er etterkvart etablert som fast tilbod i skulen sine feriar. Kvam har over fått støtte gje nnom Bufdir. Tilskotet er eit godt supplement til eit lite budsjett. Ung Fritid er eit samarbeid mellom ulike kommunale avdelingar, Grannehjelpa og frivillige lag og organisasjonar. Tilbodet er blitt populært og kjærkome i feriar for ungdomar i alderen 11-16 (18) år. Tilbodet er ope for alle og det er gratis.

### Utekontakten

Utekontakten har hatt ei koordinerande rolle og leiing i Ung Fritid. Kjennskapen til ungdomsmiljøet, utfordringar, behov og ønskje er ein naudsynt ressurs for å treffa barn og unge sine interesser og motivasjon for deltaking. Utekontakten har også særleg fokus på medverknad og involvering av barn og unge gjennom arbeidet med frivillige "dozerar" på Ungdomsbasen og gjennom tett kontakt med ungdomsrådet. Og ikkje minst i det pågåande kunstprosjektet om opprusting av området utanfor Ungdomsbasen, eit samarbeid med kunstnar og arkitekt støtta av fylkeskommunale midlar.

### Barn som pårørande

Helsepersonell skal bidra til å ivareta informasjonsbehovet og oppfølging av mindreårige born av pasientar med alvorleg psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigheit eller alvorleg somatisk sjukdom. Den kommunale Rus og Psykisk helse- avdelinga har aukande fokus på born som pårørande. To tilsette i ROP er barneansvarlege. NAV har auka fokus på barna i dei familieane dei møter. Det er viktig at alle kommunale einingar er medvitne problemstillingar knytt til barn som pårørande.

## Familiesenteret si rolle i det førebyggjande arbeidet

Som nemnt over er Familiesenteret under press når det gjeld prioritering av oppgåver retta mot familiar som har behov for hjelpetiltak gjennom vedtak frå barneverntenesta, og det førebyggjande arbeidet som Familiesenteret tek del i. Mange familiar søker råd og rettleiing på eiga hand, eller vert tilvist frå barnehage, skule eller andre kommunale helse- og hjelpetenester. Døme på dette er foreldre i livskriser, vanskar i samarbeid og kommunikasjon og foreldre til barn med langvarige og samansette behov. Lang reiseveg til næraste familievernkontor bidreg også til at foreldre søker hjelp lokalt.

Om lag 40-50 familiar, som ikkje er i kontakt med barneverntenesta, har fått råd og rettleiing på tidleg innsats i 2021. Nokre har også delteke på foreldrekurs. Det er stort press på psykologtenester til barn og unge, mellom anna grunna lang reiseveg til næraste BUP-tilbod, som ligg på Voss. Om lag 60 barn og unge har hatt kontakt med psykologtenesta for barn og unge i kommunen i året som gjekk.

I samband med arbeidet med KFL, ønskjer Oppvekstsjefen at Familiesenteret skal vera ei kompetanseavdeling som skal bidra med rettleiing, kompetansedeling og kursverksemd til både brukarar og samarbeidspartar. Familiesenteret leiår og tek del i mange tverrfaglege prosjekt og prosessar.

## Utfordringsbiletet

Dei tilsette i tenesta er ein viktig ressurs. Som i andre tenester, ynskjer me stabile tilsette som over tid får erfaring og aukar sin kompetanse. Det er diverre ei utfordring i barnevernfeltet at det er noko høg førekost av sjukemeldingar og utskifting av personalet. Det siste året har ein tilsett i barneverntenesta teke nasjonal vidareutdanning i barnevernfagleg rettleiing. Dette er ei utdanning som skal heva kompetansen i barnevernet og bidra til å førebygge utbrentheit og redusera turnover gjennom at den nyutdanna eller nytilsette skal motta rettleiing gjennom sitt fyrste arbeidsår. Arbeidsfeltet kan opplevast utfordrande og me treng eit godt arbeidsmiljø, slik at arbeidsstokken er rusta for dei oppgåvene som skal løysast til ei kvar tid. Arbeidsmiljøet i barneverntenesta er et viktig fokusområde. Det vil vera eit pågåande innsatsområde frametter. Det inneber at me skal satsa på og vidareføre arbeidet med:

- Sikre at alle tilsette kjenner til og bruker rutinane i Compilo.
- Alle i tenesta skal delta i utforming av HMT-planen.
- Fokus på HMT i fellesmøte på vekebasis.
- Tilrettelegging for tilsette som ynskjer å auka kompetansen gjennom relevant vidareutdanning og kompetansejevande kurs.
- Me skal freista ut omorganiseringa vår fram til november 2022 og evaluera effekten av henne.
- Vektleggja faste treffpunkt gjennom ei arbeidsveke i ein travel kvardag.
- Ekstern rettleiing
- Faste saksdrøftingar for den enkelte sakshandsamaren.
- Kurs om betre debriefing med bedriftshelsetenesta.

Som tidlegare nemnd, saknar me å ha kortare avstand til BUP og Familievernet. Me ser at ikkje alle som treng tilboda greier å gjera seg nytte av dei, når dei må reisa til Voss eller Odda. Me ynskjer oss utekontor i Kvam for å kunna ta dei som treng tilbodet mest, betre i vare.

Satsing på førebygging har gjeve mindre fokus på vidareutvikling av tiltak for dei familiane som strevar mest. Det er klare føringar gjennom barnevernreforma om at kommunen i større grad skal dekkja område som tidlegare låg hjå Bufetat. Her må me arbeida fram betre tiltak og søkja samarbeid med nabokommunar. Me ser at arbeidet med å utvikla samarbeidet og tiltaka er krevjande, når det skal skje med dei ressursane me har i dag, og i tillegg til våre lovpålagte kjerneoppgåver.

## Innsatsområde og tiltak

Når det gjeld kjerneoppgåvene våre, har me over tid hatt fokus på å overhalda fristar og lovkrav. Avvika her er svært få. Som tidlegare nemnd, har me no eit fokus på evalueringane av tiltaka våre, eit område der me har lege for lågt over mange år. Auka fokus har gjeve betre resultat og målet vårt er å liggja på 100% evaluerte tiltaksplanar over tid.

Viktige satsingar for oss i 2022 er:

- Framleis deltaking i BTI-satsinga og implementeringsarbeidet.
- Halda fram arbeidet i konsultasjonsteamet.
- Implementera Vestlands-modellen i vårt arbeid med familiar som lever i omfattande konflikt.
- Samarbeide med Voss og Hardanger barnevern om fosterheimsprosjektet.
- Evaluera alle tiltaksplanar minst kvar 6. måned.
- Utvikla tiltak for å hjelpa familiane som strever mest og som står i fare for å mista omsorga for borna.
- Etablere føremålstenleg samarbeid med andre kommunar om nye oppgåver etter barnevernreforma 2022.
- HMT-arbeid, med fokus på å ta vare på dei tilsette i tenesta.
- Innkjøp av nytt fagprogram som skal takast i bruk i 2022.

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Valnemnd	01.06.2022	007/22
Kvam heradsstyre	14.06.2022	081/22

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksh.: Vik, Kari Weltzien	Objekt:	22/2435 - 1

### Val av kontrollutval (suppleringsval)

#### *Behandling i politiske utval:*

#### **14.06.2022, HST- 081/22 Vedtak:**

1. *Svanhild A. Botnen får fritak frå vervet som representant i Kvam kontrollutval jf. kommunelova § 7-9, 2. ledd*
2. *Følgjande representantar vert valt som medlemmer i Kvam kontrollutval fram til nyval hausten 2023:*

1. *Gjermund Stuve, SP*
2. *Michael Iversen, AP*
3. *Anita Sørnes, FrP*
4. *Ramune Paulauskiene, SP*
5. *Håvard Gjerde, R*

1. *vara Torgeir Magnar Børve, SP*

2. *vara Katrine Froestad, SV*

3. vara Kjerstin Valland, AP

4. Ronny Samland, FrP

5. Ingunn Torvik, SP

3. Gjermund Stuve, SP vert valt som leiar i Kvam kontrollutval fram til nyval hausten 2023.
4. Michael Iversen, AP vert valt som nestleiar i Kvam kontrollutval fram til nyval hausten 2023.

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Svanhild A. Botnen får fritak frå vervet som representant i Kvam kontrollutval jf. kommunelova § 7-9, 2. ledd
2. Følgjande representantar vert valt som medlemmer i Kvam kontrollutval fram til nyval hausten

2023:

1. ....
2. ....
3. ....
4. ....
5. ....

1. vara .....
2. vara .....
3. vara .....
4. vara .....
5. vara .....

3. .... vert valt som leiar i Kvam kontrollutval fram til nyval hausten 2023.
4. .... vert valt som nestleiar i Kvam kontrollutval fram til nyval hausten 2023.

**Samandrag:**

Svanhild A. Botnen har bedt om fritak frå vervet pga. personlege årsaker. Rådmannen meiner at krava til fritak er stetta jf. kommunelova § 7-9 uttreden og fritak, 2. ledd.

Rådmannen tilrår difor at Svanhild A. Botnen bør få fritak frå vervet sitt i Kvam kontrollutval.

Heradsstyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet (jamfør kommunelova § 23-1, 4. ledd). Ved utskifting av ein eller fleire medlemar av utvalet skal alle medlemene veljast på nytt.

### **Vedlegg i saka:**

#### **14.06.2022 Kvam heradsstyre**

Tilråding frå valnemnd vart samrøystes vedteke

#### **HST- 081/22 Vedtak:**

1. Svanhild A. Botnen får fritak frå vervet som representant i Kvam kontrollutval jf. kommunelova § 7-9, 2. ledd
2. Følgjande representantar vert valt som medlemmer i Kvam kontrollutval fram til nyval hausten 2023:

1. Gjermund Stuve, SP
2. Michael Iversen, AP
3. Anita Sørnes, FrP
4. Ramune Paulauskiene, SP
5. Håvard Gjerde, R

1. vara Torgeir Magnar Børve, SP
2. vara Katrine Froestad, SV
3. vara Kjerstin Valland, AP
4. Ronny Samland, FrP
5. Ingunn Torvik, SP

3. Gjermund Stuve, SP vert valt som leiar i Kvam kontrollutval fram til nyval hausten 2023.
4. Michael Iversen, AP vert valt som nestleiar i Kvam kontrollutval fram til nyval

hausten 2023.

### Saksopplysningar:

#### Slik har samansetjinga av kontrollutvalet vore f.o.m. 15.10.2019 og fram til i dag:

1. Gjermund Stuve	Senterpartiet
2. Michael Iversen	Arbeidarpartiet
3. Anita Sørnes	Framstegspartiet
4. Svanhild A. Botnen	Senterpartiet
5. Håvard Gjerde	Raudt
<b>VARA:</b>	
1. Torgeir Magnar Børve	Senterpartiet
2. Katrine Froestad	Sosialistisk Venstreparti
3. Kjerstin Valland	Arbeidarpartiet
4. Ronny Samland	Framstegspartiet
5. Erla Gunnarsdottir	Senterpartiet

- Gjermund Stuve, Sp vert valt til leiar
- Michael Iversen, Ap vert valt til nestleiar

Svanhild A. Botnen har bedt om fritak frå vervet pga. personlege årsaker. Rådmannen meiner at krava til fritak er stetta jf. kommunelova § 7-9 uttreden og fritak, 2. ledd. Rådmannen tilrår difor at Svanhild A. Botnen bør få fritak frå vervet sitt i Kvam kontrollutval.

Heradsstyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet (jamfør kommunelova § 23-1, 4. ledd). Ved utskifting av ein eller fleire medlemar av utvalet skal alle medlemene veljast på nytt.

Etter kommunelova (kompl.) § 23-1, 1. ledd skal heradsstyre sjølv velja eit kontrollutval som på vegne av heradsstyret skal føra den løpande kontroll med forvaltninga i kommunen. Heradsstyret vel også sjølv leiar og nestleiar for kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal veljast på det konstituerande møte som første sak etter val av formannskap, ordførar og varaordførar.

I følgje lova skal minst ein av medlemene i utvalet veljast mellom medlemene av heradsstyret. I den nye kommunelova er det også teke inn ei føresegn om at leiaren ikkje kan vera medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen.

I følgje Kvam herad sitt reglement for kontrollutvalet skal Kvam kontrollutval ha 5 medlemmer. I tillegg skal det veljast fem varamedlemer rangert frå 1-5. Dette siste punktet har falle ut av reglementet. Det er naudsynt at heradsstyret vel vararepresentantar med det same sjølv om dette ikkje står i reglementet. Vidare slår Kvam herad sitt reglement fast at leiar for kontrollutvalet skal veljast frå heradsstyret sine faste representantar.

Dei vanlege krava til valbarheit i § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld også for

kontrollutval. I koml. § 23-1, 3. ledd, bokstav a-h er det særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette er:

- ordførar og varaordførar
- medlemmer og varamedlemmer av formannskapet
- medlemmer og varamedlemmer av folkevald organ med myndigheit til ta avgjerd (merk at medlemmer og varamedlemmer av heradsstyret likevel er valbare)
- medlemmer av kommuneråd
- tilsette i den aktuelle kommunen
- personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i

Som det går fram av lista, fører den nye kommunelova til at ein person som er tilsett i kommunen ikkje kan veljast til kontrollutvalet, og dette gjeld uavhengig av kva brøk vedkomande er tilsett i. **Bakgrunnen for dette er omsynet til å sikre at kontrollutvalet og medlemene skal vere uavhengig og utan bindingar til kommunen.** Dessutan vil ein hindre at medlemmer av kontrollutvalet får saker til handsaming som gjeld dei sjølve eller verksemda der dei er tilsette.

Heradsstyret kan når som helst halde nyval av medlemene i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-1, 4. ledd. I motsetnad til det som gjeld for utval, kan heradsstyret ikkje vedta å legge ned kontrollutvalet i valperioden. Kontrollutval er eit lovpålagd organ.

Medlemene til Kvam kontrollutval kan veljast anten ved avtaleval eller forholdsval, og leiar og nestleiar veljast ved fleirtalsval.

Det er eit nytt lovkrav at personar må gje skriftleg samtykke til å stilla til val jamfør kommunelova § 7-2, 3. ledd, bokstav c. Dette er eit unntak frå ombodsplikta, og er grunngeve med at det er gjort liknande endringar i vallova. Det er den som føreslår den aktuelle personen som skal hente inn samtykket, og det må liggja føre når representanten skal veljast. Utover at samtykket må vera skriftleg og liggja føre før valet, er det ikkje andre krav til det, og kandidaten kan gje samtykke på for eksempel SMS eller e-post i løpet av eit møte før sjølve valet blir gjennomført.

Informasjonen om avtaleval, forholdsval og fleirtalsval som står under punktet saksopplysningar, er henta frå *H4-19 Rundskriv om konstituerande møte i kommunestyre og fylkesting – rettleiing om val til folkevalde organ med meir.*

Medlemene til Kvam kontrollutval kan veljast anten ved avtaleval eller forholdsval, og leiar og nestleiar veljast ved fleirtalsval.

### **Avtaleval**

Ved avtaleval er framgangsmåten avhengig av oppslutnad frå ei samrøystes forsamling. Dette gjeld både framlegget over kandidatar, og at valet skal skje som avtaleval. Det blir lagd fram ei innstilling med namn på kandidatane som organet skal slutte seg til. Dette kan for eksempel gjennomførast på den måten at eit valutval, som kan vere sett ned av kommunestyret, legg fram ei innstilling til personsamansetninga i det organet det skal veljast

medlemer til. Framlegget kan også vere laga på bakgrunn av ein avtale mellom gruppene i det organet som skal velje medlemer, der ein for eksempel legg til grunn at ei gruppe får ein representasjon som svarer til prinsippet om høveleg representasjon. Det betyr at plassane i organet skal fordelast ut ifrå samansetninga i det organet som vel medlemer, og fordelinga mellom gruppene blir omtrent det same i begge organ.

Innstillinga frå valutvalet skal splittast opp, slik at ein nemner medlemer og varamedlemer frå kvart parti eller kvar gruppe, med parti- eller gruppenemning. Varamedlemene blir dermed ikkje varamedlemer for andre enn dei faste medlemene frå vedkomande gruppe, og det er ikkje høve til å opprette ei felles liste over varamedlemer.

Ved avtaleval stiller kommunelova § 7-7, 3. ledd, krav om at det skal vere balanse mellom personar frå kvart kjønn blant dei medlemene som blir valde når ein ser på organet under eitt. Dette inneber at dersom organet skal ha fire medlemer eller fleire, så må kvart kjønn vera representert i organet med minst 40 prosent. Dersom organet har tre eller færre medlemer, så skal kvart kjønn vere representert.

Innstillinga kan til dømes sjå ut slik når det skal veljast eit utval med sju medlemer (lista er fiktiv og berre til illustrasjon):

Medlemer	Varamedlemer:
Hans Olsen, Bygdepartiet Liv Pedersen, Bygdepartiet Karl Nilsen, Bygdepartiet	Trine Vik, Bygdepartiet Ole Andresen, Bygdepartiet Hjalmar Lunde, Bygdepartiet Kari Olsen, Bygdepartiet Eva Nilsen, Bygdepartiet
Fredrik Lange, Samfunnspartiet Kristine Lund, Samfunnspartiet	Iver Ramm, Samfunnspartiet Hanne Svendsen, Samfunnspartiet Richard Os, Samfunnspartiet Anne Bergli, Samfunnspartiet
Knut Fredriksen, Fellelista	Per Strøm, Fellelista Frank Aakre, Fellelista Stein Lind, Fellelista
Berit Holm, Rettferdspartiet	Tone Green, Rettferdspartiet Liv Pedersen, Rettferdspartiet Hanne Aall, Rettferdspartiet

Her er det fire menn og tre kvinner blant dei faste medlemene. Kravet i lova om minst 40 prosent er oppfylt. Av dei 15 varamedlemene er det sju menn og åtte kvinner. Det følgjer av lova at det skal vere minst 40 prosent av kvart kjønn også blant varamedlemene. Dette kravet for varamedlemene er oppfylt, det er ikkje i strid med lova at eit parti har berre menn og eit anna har berre kvinner i gruppa av varamedlemer.

## Forholdsval

### Listeframlegg

Valet skjer på grunnlag av lister med framlegg til kandidatar, jf. kommunelova § 7-5, 1.ledd. Lova set ingen frist for innlevering av listeframlegg. Dette inneber at listeframlegg kan leggest fram heilt til røystingstidspunktet.

Det er berre dei partia eller grupperingane som er representerte i det organet som vel medlemmer som har rett til å stille liste. Eit parti eller ei gruppering kan berre levere inn eitt listeframlegg. Dersom det blir lagt fram to ulike listeframlegg som begge inneheld kandidatar frå same parti/gruppering, kan berre eitt av dei bli godkjent.

Det er det einskilde partiet eller den einskilde grupperinga som sjølv må ta stilling til kva for eit framlegg som skal gjelde. Ved intern usemje vil det vere det alternativet som får størst oppslutning i partiet/gruppa som blir partiet/gruppa sitt offisielle listeframlegg. I utgangspunktet har alle medlemene som er valde inn på lista, rett til å ta del i avgjerda om korleis partiet/grupperinga sitt listeframlegg skal sjå ut. Personar som har meldt seg ut av partiet eller som er blitt ekskluderte, vil likevel ikkje ha rett til å ta del i denne prosessen.

Medlemer av organet som ikkje lenger representerer eit parti eller ei gruppering, vil i høve til desse føresegnene bli sett på som ei ny gruppering (eventuelt fleire grupperingar), og kan derfor stille egne listeframlegg.

Kandidatar frå eit parti eller ei gruppering kan berre bli ført opp på listeframlegg som blir levert inn av dette partiet eller denne grupperinga, eventuelt på ei fellesliste som blir levert inn av fleire parti eller grupperingar.

Kommunelova inneheld ikkje noko krav om overskrift på listeframlegget. Etter departementet si oppfatning bør likevel lista ha ei overskrift som viser kva for gruppering(ar) som står bak framlegget.

Kvar liste kan innehalde inntil dobbelt så mange forskjellige namn som det skal veljast medlemmer til organet. Dette inneber at det ikkje er høve til å kumulere kandidatar. Til skilnad frå det som gjeld ved avtaleval, er det ikkje noko krav til kjønnsbalanse for organet som heilskap. Ved forholdsval er det berre krav til representasjon av begge kjønn på dei ulike listeframlegga. **I koml. § 7-5, 2. ledd heiter det at dersom det skal veljast fire medlemmer eller fleire, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent blant kandidatane på den einskilde lista.** Dersom det skal veljast to eller tre medlemmer, skal begge kjønn vere representert. Det vil vera talet på medlemene i det einskilde organet som avgjer kor mange frå kvart kjønn som skal førast opp på listeframlegga.

Listeframlegget skal vere underskrive av minst éin medlem av det partiet eller den grupperinga som står bak listeframlegget. Ved ei fellesliste må listeframlegget vere underskrive av minst éin representant for kvart parti/kvar gruppering som står bak listeframlegget. Den eller dei som skriv under må vere medlem av organet som vel. Det er berre høve til å skrive under på eitt listeframlegg, og ingen kan som nemnd vere kandidat på meir enn éi liste.

Møteleiaren har ansvaret for at listene er i samsvar med lova, og skal gjera dei som står bak framlegga oppmerksame på eventuelle manglar ved framlegga. Blir desse ikkje retta, må møteleiaren avvise framlegget. Dersom nokon protesterer mot avgjerdene til møteleiaren, skal forsamlinga avgjere spørsmålet med alminneleg fleirtal.

### **Sjøelve valet**

Røystinga skal skje med bruk av røystesetlar. **Det er ikkje høve til å føre opp kandidatar frå**

**andre lister, og det er heller ikkje lov til å stryke kandidatar eller endre rekkefølga på kandidatane.** Dette er endra i den nye kommunelova.

Valoppgjeret blir gjort av den forsamlinga som gjennomfører valet, og det vil seie av heradsstyret ved val av kontrollutval. Føresegnene om oppgjeret er i koml. § 7-6. Oppteljinga går føre seg ved at ein registrerer kor mange røyster den einskilde lista har fått.

### **Mandatutrekninga går føre seg på denne måten:**

Ein skal dividere røystetala for kvar liste med delingstala 1, 2, 3, 4, 5 osv. (den såkalla d'Hondts metode). Plassane i organet blir deretter fordelt til dei listene som har dei største kvotientane. Har fleire lister same kvotient, går plassen til den lista som har det største røystetalet. Har fleire lister det same røystetalet, blir valet avgjort ved loddtrekking. Ein må gjere så mange divisjonar at ein er sikker på at ein har funne fram til dei største kvotientane.

Eit eksempel kan vere der det er 13 plassar i eit organ, og det er seks lister (A-F) ved valet. Røystinga i kommunestyret med 45 medlemmer går også fram av kolonnen me delingstal 1. Denne tabellen viser korleis ein reknar seg fram til kor mange medlemmer kvar liste får:

Divisjon med:	1	2	3	4	5	6	7
A	<b>18</b>	<b>9</b>	<b>6</b>	<b>4,5</b>	<b>3,6</b>	<b>3</b>	2,57
B	<b>14</b>	<b>7</b>	<b>4,66</b>	<b>3,5</b>	2,8	2,33	2
C	<b>7</b>	<b>3,5</b>	2,33	1,75	1,4	1,16	1
D	<b>3</b>	1,5	1	0,75	0,6	0,5	
E	2	1	0,66				
F	1	0,5	0,33				

For å avgjere kor mange medlemmer kvar liste får, så finn ein dei 13 høgaste tala (kvotientane) i tabellen, og det er dette som avgjer kven som får dei 13 medlemene i organet. Medlemene fordeler seg slik:

Liste A: 6 medlemmer Liste B: 4 medlemmer Liste C: 2 medlemmer Liste D: 1 medlem  
Liste E og F, får ingen medlemmer i organet.

Så langt det er mogleg, skal kvar liste få tildelt så mange varamedlemmer som ho får medlemmer, med tillegg av to, jf. koml. § 7-6, 5. ledd. Plassane til varamedlemene blir fordelte ved at ein held fram oppteljinga på same måten som for medlemene.

### **Fleirtalsval**

Når organet berre skal velja ein person, vil det ofte vera lite formålstenleg med forholdsvæl eller avtalevæl. Då er det betre med fleirtalsvæl. Etter koml. § 7-4, 2. ledd skal blant anna leiaren av eit organ veljast ved fleirtalsvæl ( i dette høvet val av leiar og nestleiar for kontrollutvalet). Føresegnene om fleirtalsvæl er i koml. § 7-8.

I koml. § 7-8, 1. punktum slår lova fast at det er den personen som har fått meir enn halvparten av røystene som har vunne valet. Dersom det ikkje er nokon kandidat som har fått meir enn halvparten av røystene i den første runden, skal det vere ei ny røysting, jf. koml. § 7-8, 2. punktum. I denne andre røystinga er det kandidaten som har fått flest røyster som har vunne. Dersom det er to eller fleire som har fått like mange røyster i den andre

runden, skal det vere loddtrekning mellom dei som har fått like mange røyster.

**Døme:**

Eit organ med elleve medlemmer skal velja ein leiar. Det er tre kandidatar, og dei får høvesvis 5, 4, og 2 røyster kvar. Då er det ingen som har fått meir enn halvparten, og det krev ei ny røysting. I denne runden er det framleis tre kandidatar, men no tenkjer me at dei får høvesvis 5, 5 og 1 røyster kvar. Då skal det vera loddtrekning mellom dei to kandidatane som fekk fem røyster. Hadde dei fått høvesvis 5, 4 og 2 røyster også i den andre runden, så ville personen med 5 røyster ha vunne sjølv om det ikkje er meir enn halvparten.

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]  
Sendt: 18.08.2022 11:01:58  
Til: Roald Breistein[Roald.Breistein@vlfk.no]  
Tittel: Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober

---



## **Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober**

Velkommen til Kontrollutvalgslederskolen på [Quality Airport Hotel Gardermoen](#), 24. – 25. oktober.

Vi er langt ute valgperioden, og kontrollutvalget har opparbeidet seg mye erfaring til nå. Kontrollutvalgslederskolen er en arena der denne erfaringen kan

deles. Læringskurven har kanskje vært bratt for mange. Men det er ingen grunn til å lene seg tilbake og tenke "nå er jeg utlært som kontrollutvalgsleder".

Basert på tilbakemeldinger fra tidligere samlinger, vil Kontrollutvalgslederskolen fortsatt ha et begrenset antall deltakere for å få til sosial mingling, gode diskusjoner både i grupper og samlet.

Vi satser på å få til god erfaringsutveksling om problemstillinger knyttet til kontrollutvalgets arbeidsvilkår som vi kan ta med oss i opplæringen av nye utvalg.

Vi får stadig tips om at kontrollutvalgets forhold til media bør være tema på samlingene våre. Temaet er viktig og bør diskuteres når kontrollutvalgsledere møtes. Her er det flere innfallsvinkler som egner seg både til undervisning og gruppediskusjoner.

FKT er i gang med å kartlegge omfanget av eierskapskontroll. Vi vil presentere funnene fra kartleggingen og dere får anledning til å utveksle erfaringer.

Målgruppen er kontrollutvalgsledere og nestledere, men vi setter av noen plasser til sekretariatene. Ledige plasser fylles opp med andre interesserte.

Du kan lese mer om årets program og opplegg og melde deg på fra hjemmesiden vår:

**Påmelding**





---

*Copyright © 2022 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.*

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

**Vår epostadresse:**

Forum for kontroll og tilsyn  
Kristian Augusts Gate 14  
Oslo, Oslo 0164  
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)

